



RAPPORTSERIEN 2015/ 04

## Ramevilkår for klippfisknæringa

Trond Bjørndal, Professor, Høgskolen i  
Ålesund

Carla Amaral Ellingsen, Student,  
Høgskolen i Ålesund

[www.hials.no](http://www.hials.no)

ISBN:978-82-92186-56-5

ISSN:1502-7643

# RAMEVILKÅR FOR KLIPPFISKNÆRINGA

Trond Bjørndal, Høgskolen i Ålesund  
Carla Amaral Ellingsen, Høgskolen i Ålesund

Nfr prosjekt 233840 – Competition, cluster and market analyses for the salted cod and salted  
and dried cod industry

## Takk

Mange personar har gjeve råd og opplysningar under utarbeiding av denne rapporten. Me vil særleg takke Anne Valkva, Ole Jørgen Roth, Monika Sundfær, Rune Bjørge, Røgnvaldur Hanneson, Kyrre Dale, Amalie Tusvik, Rebekka Valde Bjørndal, Magnus Bjørndal, Frank Asche, Stig Flesland. Ann Helen Hellevik og Trygg Barnung.

(Fagfelleurdert av professor Erik Nettet, Høgskolen i Ålesund)

## Samandrag

Noreg produserer store kvanta klippfisk som vert eksportert til Portugal, Brasil og ei rekkje andre land. Dessutan vert det eksportert frosen og salta torskefisk til land som Portugal og Kina for vidareforedling. Denne fisken vert seinare selt i konkurranse med norsk produsert klippfisk. Klippfiskproduksjon er ei konkurranseutsett næring, med store endringar frå år til år. I Brasil er norsk marknadsdel for klippfisk dei seinare åra vesentleg redusert, medan den for Kina og Portugal har auka. I Portugal har Kina sin marknasdel for saltfisk (verdi) auka frå 1,54% i 2005 til 10,6% i 2013. Det er mange årsaker som ligg bak desse endringane. Dei skuldast både variasjonar i råstoffgrunnlag og –pris og dessutan produksjonskosnader, men og endringar i marknadene. I ein slik situasjon er det viktig for næringa med stabile og gode rammevilkår. Føremålet med denne rapporten er å analysere rammevilkåra for klippfisknæringa i Noreg. Desse vil verte samanlikna med andre produsentland, men med hovudvekt på Portugal. Rammevilkår omfattar tilhøve som tilgang på råvarer og fiskeriforvaltning, investeringsstøtte, import og arbeidsmarknader, i tillegg til gjeldande lovverk t.d. vedgåande bruk av tilsetjingsstoff. Studien viser at Portugal på viktige område har fordelar vis-a-vis Noreg. Eit viktig moment er og at den norske klippfisknæringa er underlagt fleire særnorske skattar og avgifter som virkar negativt inn på norsk konkurransevne.

## **1. INTRODUKSJON**

Noreg produserer store kvanta klippfisk som vert eksportert til Portugal, Brasil og ei rekkje andre land. Saltfisk vert og eksportert til ulike land, m.a. til Spania. Dessutan vert det eksportert frosen og salta torskefisk til land som Portugal og Kina for vidareforedling. Denne fisken vert seinare selt i konkurranse med norsk produsert klippfisk. Samla verdiskaping inkludert ringverknader i den innanlandske verdikjeda for klippfisk auka frå vel 2,9 mrd. kr. i 2009 til knapt 4,3 mrd. kr. 2011, men med ein reduksjon til 3,4 mrd. kr. i 2013 (Bjørndal, Ekerhovd og Bjørndal, 2015). Næringa er viktig for sysselsetjing både innan foredling, men ikkje minst for fangstleddet.

Klippfiskproduksjon er ei konkurranseutsett næring, med store endringar frå år til år. I Brasil er norsk marknadsdel for klippfisk dei seinare åra vesentleg redusert, medan den for Kina har auka. I Portugal har Kina sin marknadsdel for saltfisk (verdi) auka frå 1,54% i 2005 til 10,6% i 2013 (Asche og Gordon, 2015). Denne saltfisken vert så turka til klippfisk. Samstundes har importen av frosen torsk auka, noko som inneber at eigenproduksjon av klippfisk har auka og Portugal har vorte ein viktig eksportør m.a. til Brasil (Bjørndal m.fl., 2015). Det er mange årsaker som ligg bak desse endringane. Dette skuldast både variasjonar i råstoffgrunnlag og –pris og dessutan produksjonskosnader, men og endringar i marknadene. I ein slik situasjon er det viktig for næringa med stabile og gode rammevilkår.

Føremålet med denne rapporten er å analysere ramevilkåra for klippfisknæringa i Noreg. Desse vil verte samanlikna med andre produsentland, men med hovudvekt på Portugal. Ramevilkår omfattar tilhøve som tilgang på råvarer og fiskeriforvaltning, investeringsstøtte, import og arbeidsmarknader, i tillegg til gjeldande lovverk t.d. vedgåande bruk av tilsetjingsstoff. Desse faktorane vil variere frå land til land og ha verknad på konkurranseevna. I tillegg har marknadene sine egne forskrifter. Desse inkluderer forskrifter som omhandlar handel, bruk av tilsetjingsstoff og andre helse- og sikkerheitsspørsmål. Me vil sjå på desse forholda for Spania, Portugal og Brasil. Desse forskriftene kan påverke handel og konkurranseevne.

Rapporten er organisert slik: Rammevilkår i Noreg og til dels andre produsentland vil verte gjennomgått i del to, medan handelsvilkår vil verte undersøkte i del tre. Til slutt vil me sjå kort på fiskeforedling i enkelte andre land og gje ei kort oppsummering.

## **2. RAMEVILKÅR FOR KLIPPFISKNÆRINGA I NOREG**

I denne delen vil me gå gjennom ramevilkåra for næringa i Noreg og til dels også i andre produsentland med hovudvekt på Portugal.

### **2.1 Ressurstilgang og fiskeriforvaltning**

Torsk og andre artar som vert brukt i saltfisk- og klippfiskproduksjon er fiska både i Nord-Atlanteren og i Nord-Stillehavet. Hovudaktørane i Nord-Atlanteren er Noreg, Island, Russland og Færøyane, i tillegg til småaktørar frå fleire andre land. Når det gjeld klippfiskproduksjon er torsk og sei dei viktigaste artane, men i tillegg er det produksjon



basert på lange og brosme (Bjørndal, Ekerhovd and Bjørndal, 2014). Hovudaktørane i Nord-Stillehavet er USA, Russland og Canada, som fiskar mellom anna pollock og Stillehavstorsk.

Den norsk-arktiske torskebestanden, som vert delt av Noreg og Russland, er den største torskebestanden i Nord-Atlanteren (Bjørndal and Lindroos, 2012). Den nest største er den islandske torskebestanden. Alt i alt er fiskeriet i dette området vurdert som berekraftig forvalta (Asche *et al.*, 2015; Gullestad *et al.*, 2014; NOU 2014:10).

Alaska pollock er det offisielle namnet på arten *Theragra chalcogramma*, anten den er fiska i russisk eller i amerikansk farvatn. Det er den villfanga kvitfisk den vert fiska desidert mest av i verda. Inntil nyleg vart det meste av russiskfanga pollock kjøpt av kinesiske foredlarar. Den innanlandske marknaden i Russland er i vekst grunna relativt gunstige prisar og regjeringa sitt fokus på at 80 % av innanlandsk matkonsum skal dekkjast av eigen produksjon. USA har tradisjonelt selt langt mindre pollock til vidareforedling i Kina enn russiske fiskarar. Stillehavstorsk er den nest viktigaste arten i Alaska sitt fiskeri etter kvitfisk.

Canada, som har kystlinje til både Atlanteren og Stillehavet, spelar ei viktig rolle i verdsfisket. Viktige eksportdestinasjonar for Canada sin Stillehavstorsk er Kina, Japan og Europa. I Kina, Portugal og Noreg vert Stillehavstorsken enten filetert eller foredla til salta produkt som vert vidareeksport.<sup>1</sup>

Tilgang til råstoff av god kvalitet og i tilstrekkelege kvanta er blant dei mest grunnleggjande ramevilkåra for næringa. Bestandsutvikling og fangstkvotar kjem ikkje berre an på naturlege tilhøve, men og på kor god fiskeriforvaltinga i dei relevante landa er. Det fører for langt å ta for seg alle aktuelle land, men me vil ta opp ein del aspekt som er viktige for den norske fiskerinæringa og foredlingsindustrien.

NOU (2014: 16) Sjømatindustrien, kjent som Tveterås-utvalet – heretter Utvalet - si innstilling, er ei utgreiing om den norske sjømatindustrien sine ramevilkår. Rapporten tek for seg både villfisk og matfisk og dessutan mange problemstillingar av relevans for foredlingsindustrien. Rapporten legg vekt på kor viktig *innovasjonar* er for betring i effektivitet og reduksjon i produksjonskostnader, noko som er avgjerande for konkurransevna på lang sikt. Utvalet er og oppteke av kor viktig det er med *vertikal koordinering* mellom fangst, foredling og eksport og korleis betra koordinering kan medvirke til auka verdiskaping.

Under organisering av verdikjeda (kapittel 15.2), tek Utvalet m.a. opp fylgjande tema:

- Aktivitetskravet i deltakarlova.
- Fartyutforming og fiskereiskap.
- Strukturkvoter.
- Leverings-, aktivitets- og bearbeidingsplikt.

Sjølv om utvalet til dels deler seg i fleire innstillingar, er det for alle desse punkta forslag som kan betre den økonomisk effektiviteten i fisket. Me går ikkje vidare inn på desse tilhøva her.

Eigarskap i fiskeflåten er sterkt regulert. Fiskekvotar skal i prinsippet berre kunne eigast av aktive fiskarar. Eit fleirtal i Utvalet foreslår at også sjømatindustrien skal kunne eige fiskekvotar slik at bedriftene skal ha høve til å utvikle konkurransefortrinn knyta til

---

<sup>1</sup> [http://www.alaskaseafood.org/industry/market/seafood\\_spring14/2014-alaska-seafood-market-outlook.html](http://www.alaskaseafood.org/industry/market/seafood_spring14/2014-alaska-seafood-market-outlook.html)

økonomisk organisering. Dersom dette skjer, vil det kunne opne for større grad av vertikal integrasjon enn det som er tilfellet idag. I kva grad det vil skje er det marknaden som vil bestemme. Det er difor uvisst kor stort omfang dette eventuelt vil få.

Som Utvalet påpeikar, er det norske omsetnadssystemet for villfanga fisk unikt i verdssamanheng ettersom omsetnad skjer gjennom fiskareigde salslag<sup>2</sup>. Dette hadde sitt utgangspunkt i Råfisklova frå 1951 som erstatta lovar frå mellomkrigstida og er vidareført gjennom Fiskesalslagslova med verknad frå 1.1.2014. Sentralisert omsetnad gjev og styremaktene høve til kontroll med fangst. Berre fiskarar kan stå som eigarar av salslaga.

Salslaga har relativt vidt spelrom når det gjeld omsetnadsformer, som spenner frå aukjon til avtalar om sal mellom fiskar og mottak. Salslaga har rett til å bestemme forretningsvilkåra, noko som omfattar fastsetjing av minstepris. Ved usemje om minstepris, er det krav om obligatorisk mekling, men endeleg vedtak ligg hos salslaget.

Råfisklova vart m.a. innført for å hindre utnytting av marknadsmakt og å sikre at pris til fiskar vert oppretthalden. Det galdt særleg i situasjonar med mange lite mobile fiskarar som skulle levere store kvanta på relativt kort tid til få kjøparar. Gjennom salslaga ville ein oppnå relativt like og stabile prisar langs kysten. Dette er ei situasjonsskildring som har liten relevans idag. Utvalet peikar likevel på at delar av kystflåten er lite mobil og opererer i område med få kjøparar, noko som kan gje marknadsmakt til kjøparane. Dette skal me kome attende til seinare.

Utvalet, i sine vurderingar, seier at ein må ha marknadsplassar som legg til rette for økonomisk effektiv vertikal koordinering gjennom ulike omsetnadsformer (auksjon, spotsal og kontraktar). Videre "...må de ha gode incentiver for å innovere med omsetningsformer som ivaretar kontroll, kontinuitet og kvalitet bedre enn i dagens system. Dette innebærer en proaktiv tilrettelegging for å hente ut gevinstene fra markedsbasert omsetning, hvor aktørene beskyttes mot utilbørlig utnyttelse av markedsrett" (NOU 2014 16 ss. 113-114).

Eit fleirtal i Utvalet meiner at desse ambisjonane best kan oppnåast gjennom nøytralt eigarskap til salslaga. Ettersom Fiskesalslagslova er av ny dato, meiner fleirtalet at det er vanskeleg med endringar før lova har fått virke ei stund. Ein foreslår likevel at det vert innført skiltsdom t.d. ved usemje om fastsetjing av minsteprisar. Eit mindretal i Utvalet meiner at lova må få virke ei stund før den vert evaluert og før ein eventuelt vurderer endringar. Det vert likevel påpeika at ein etter ei utgreiing kan vurdere å oppnemne eksterne nøyttale styremedlemmer til salslaga.

Ein må seie seg samd i Utvalet si påpeiking av at det vesentlege er å få til god vertikal koordinering med tanke på framtidssretta marknadsplassar som kan optimalisere verdiskapinga i den samla verdikjeda. Slik dagens ordning er, er det trong for betre vertikal koordinering.

Forslaget til fleirtalet i Utvalet om nøytralt eigarskap til salslaga, vil kunne gje nøytrale marknadsplassar. Det vil vere betre enn dagens situasjon, men det går ikkje langt nok.

På fagleg grunnlag er det vanskeleg å finne argument for å oppretthalde Fiskesalslagslova. I dei fleste tilfelle vil aktørane i næringa i fellesskap kunne finne velfungerande marknadsplassar. Eit mogeleg unntak, som nemnt ovanfor, er at delar av

---

<sup>2</sup> Sjå NOU 2014 16, kapittel 15.2.7 for fyldig omtale av fyrstehandsmarknaden for fisk.

kystflåten er lite mobil og opererer i område med få kjøparar, noko som kan gje marknadsmakt til kjøparane. Ved nærmare vurdering er dette neppe korrekt. For det fyrste, er lokale fiskarar organisert i fiskarlag og kan velje å selje fisken som kooperativ. For det andre, dersom det er tale om fleire fiskarar i eit område, kan ein i samarbeid organisere sams føring til større mottak. For det tredje, mange stader er det mogeleg å utvikle lokale eller regionale marknader for fisk. I det heile er det liten grunn til å tru at argumentet om høve til å kunne utnytte marknadsmakt mot enkelte aktørar er lite relevant. Det er heller ikkje erfaringsgrunnlag om at dette skjer i andre industrialiserte land.

I det heile er det i fiskernæringa mange seljarar og mange kjøparar av fisk. Det er all grunn til å tru at aktørane sjølve kan finne dei beste omsetnadsformene som er med på å sikre kvalitet og kontinuitet i leveransane. Større grad av vertikal koordinering er ynskjeleg, men det er aktørane sjølve som kan få dette til og kan vurdere om det er best gjennom leveringsavtalar eller på anna vis. Ein leveringsavtale mellom farty og foredlar må ta føre seg både pris og kvantum, og det er vanskeleg å sjå kva rolle ein tredjepart skal spele i ein slik samanheng.

Omfanget av vertikal integrasjon mellom fangst og foredling er lite, men ein del foredlingsforetak har eigarinteresser i fiskefarty. Tveterås-utvalet foreslår og ei oppmjuking av reguleringane av eigarskap i flåten som ville gjere det mogeleg for foredlingsindustrien å kunne kjøpe seg inn i flåten i større grad enn det som er tilfellet idag. Berre tida vil vise om dette vil skje. Det er likevel klart at det ikkje er trong for salslag til å regulere omsetnaden innan vertikalt integrerte foretak.

I denne samanheng kan ein vise til Fiskeoppdrettaranes Salslag (FOS), som stod for fyrstehandsomsetnaden av laks og aure mellom oppdrettar og eksportør. Vertikal integrasjon fekk tidleg eit monaleg omfang innan oppdrett, og det måtte vere eit paradoks at omsetnad innen eit vertikalt integrert foretak måtte skje gjennom FOS. Ved konkursen til FOS i 1991 vart det vurdert om eit anna salslag skulle ta over oppgåvene deira. Dette skjedde ikkje, og det viste seg raskt at marknaden kunne ta seg av fyrstehandsomsetnaden på ein effektiv måte. Det er all grunn til å tru at det same ville vere tilfellet for villfisk.

#### Lagsavgift

Lagsavgifter for levering i Råfisklaget og Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag sine distrikt er vist i tabell 1.

Tabell 1. Lagsavgifter.

	Råfisklaget	SUROFI
HG, frosen	0,73 %	0,75 %
HG, fersk	0,95 %	1,20 %
Filet	0,30 %	0,30 %

HG = headed and gutted; hovudkappa sløgd.

Fisk frå land som Russland eller USA vert og nytta i produksjon av saltfisk og klippfisk. Fisk landa direkte frå fiskebåt er underlagt lagsavgift fordi det er i første hand. Når varene derimot kjem med lastebåt, er det i andre hand, og fisken er difor ikkje underlagt avgift på første hand. I slike tilfelle gjeld vanleg importregime dvs. tollfri import.

Holland har utvikla seg til å verte ein viktig sentral for fisk både frå Barentshavet og Stillehavet. Frå Holland går fisken vidare til land som Portugal, Storbritannia og Kina, og unntaktsvis også til Noreg. Om fisken har vore meir enn 40 dagar på tollager vil han verte inspisert og utstyrt med nederlandske dokument ved eksport.

### Mattilsynet

Importert fisk må kontrollerast av Mattilsynet. Deira gebyr er kr. 2.160,- for framømte pluss kr. 72,50,- pr tonn. Ein vanleg container ligg difor på om lag NOK 3.500,-. Dess større partiet er, dess lågare vert inspeksjonskosnaden pr kg.

## **2.2 Statsstøtte til investeringar**

I enkelte land vert det gitt statsstøtte til investeringar. Det kan vere i form av investeringstilskot, garantiar, regulerte rentevilkår eller ein kombinasjon av desse. Uansett form vil det vere ei subsidiering som sannsynlegvis vil ha påverknad på konkurranseevna.

### **2.2.1 Noreg**

#### **Innovasjon Noreg**

*Innovasjon Noreg*<sup>3</sup> med 19 fylkeskontor og 37 utanlandskontor tilbyr råd og kompetansebygging innan marknad, design, strategi, bedriftsutvikling og internasjonal satsing. I porteføljen inngår finansierings-, kompetanse-, rådgjevings-, nettverks- og profileringstenester. Nokre av tilboda er gratis, enkelte har eigenandel og andre betalar bedrifta. Innovasjon Noreg har nasjonale midlar som gjeld heile landet, samt midlar som er retta mot distriktspolitiske verkemiddelsover. Løyvingar og oppdrag kjem frå Nærings- og fiskeridepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Utanriksdepartementet, fylkeskommunane, fylkesmennene og andre offentlege aktørar<sup>4</sup>. Vurderingar om tilskot er skjønnsbasert, men må vere i tråd med EØS-regelverket sine føringar.

Innovasjon Noreg sine finansieringstenester kan nyttast av små, mellomstore og store bedrifter over heile landet, i alle næringar<sup>5</sup>, men nyskapande bedrifter og bedrifter med internasjonale vekstambisjonar er særleg prioriterte. I 2014 vart det utbetalt 2,7 milliardar kroner i lån og 2,2 milliardar kroner i tilskot. Alle positive vedtak om støtte er offentlege<sup>6</sup> og i seinare år har ein del marine bedrifter motteke tilskot eller lån.

Høve for finansiering består av lån (innovasjonslån og lågrisikolån), tilskot og garantiar, eller ein kombinasjon av desse.

*Lågrisikolån* dekkjer behov for langsiktig finansiering av anleggsmidlar, kapitalstyrking, internasjonalisering og utviklingstiltak. Låna kan normalt dekkje 50% av

<sup>3</sup> <http://www.innovasjonnorge.no/>

<sup>4</sup> [http://www.innovasjonnorge.no/PageFiles/2721818/IN\\_aarsregnskap2014\\_inkl\\_revisjonsberetning.pdf](http://www.innovasjonnorge.no/PageFiles/2721818/IN_aarsregnskap2014_inkl_revisjonsberetning.pdf)

<sup>5</sup> Skiljet mellom SME og store bedrifter er bestemt i EØS regelverket. Småbedrifter kan ha opptil 50 tilsette og maksimal årleg omsetnad på € 10 millionar, mellomstore har 50-250 tilsette og omsetnad på maksimum € 50 millionar, medan store har meir enn 250 tilsette. Der er og reglar som går på storleiken på balansen.

<sup>6</sup> <http://www.innovasjonnorge.no/no/finansiering/Offentlige-vedtak/>.



kapitalbehovet, med variasjonar frå sak til sak. Nominell rente er frå 2,95% og effektiv rente frå 3,05%.

*Innovasjonslån* (risikolån) er toppfinansiering av lønsame prosjekt som er vanskeleg å finansiere privat. Lånet dekkjer inntil 50% av kapitalbehovet til ulike formål (bygg, maskiner og utstyr, etc., samt etablering, vidareutvikling eller omstilling med hovudfokus på nyskaping og internasjonalisering). Nominell rente er frå 5,25%, effektiv rente frå 5,55% og etableringsprovisjon 0,5%.

*Tilskot* frå Innovasjon Noreg vert nytta til ei rekkje ulike føremål for å gjennomføre gode prosjekt som elles ikkje ville verte realiserte. Støtta kan gjevast til investeringar, FoU, opplæring, konsulentbistand og andre aktivitetar i små og mellomstore verksemdar. Maksimale satsar kjem an på formål, bedriftsstorleik, lokalisering og naudsynt støtte for å realisere prosjektet. I hovudsak ligg støtta mellom 10-40%. Offentleg støtte til enkeltbedrifter i form av tilskot kan innebere konkurransevriding, og ingen bedrifter har i utgangspunktet "krav" på slike tilskot.

*Garantiar* er tryggleik til lokale banksamband for at driftskreditt skal kunne løyvast. Tilbodet gjeld bedrifter over heile landet, og det er i prinsippet ingen bransje- eller næringsmessige grenser. Normalt vert det garantert for inntil 50 % av eventuelle tap, med ei avtalevarigheit på 3 år og ein årleg provisjon på minimum 1 % av garantiansvaret.

### **2.2.2 EU: Spania og Portugal**

EU tilbyr investeringsfond for å fremje vekst og sysselsetjing. Dei investeringsfonda som er retta mot saltfiskindustrien i Spania og klippfiskindustrien i Portugal utgjer direkte subsidiar. I Spania ligg det nasjonale rammeverket for støtte til fiskerisektoren under «The Operative Programme in the General Secretary of Fisheries 2014-2020 (Secretaría General de Pesca), som igjen sorterast under The European Funds (FEMP and CEDER)<sup>7</sup>. I Portugal sorterer det nasjonale rammeverket for støtte til fiskerinæringa under "The Operational Programme of Fisheries 2014-2020 (PROMAR)", under The European Fisheries Fund (FEP). Som kjent har fiskeforedling tufta på importert råstoff fått eit monaleg omfang både i Polen og i Baltikum. Produsentar i desse landa kan og dra nytte av EU sine investeringsfond.

I avsnittet som følgjer vil situasjonen i Portugal bli gjennomgått i detalj.

### **Portugal**

Investeringsstøtte tilgjengeleg i Portugal gjeld for foredling og marknadsføring av fiskeprodukt. Målet er å styrke konkurransevna til næringa med tanke på varig økonomisk og berekraftig effekt.

Investeringsfond gjev offentleg støtte i form av ikkje-refunderbare eller refunderbare subsidiar. Til investeringsprosjekt under € 100 000 vert støtta gjeve i form av eit tilskott. For prosjekt mellom € 100 000 - 2,5 millionar er støtta i form av eit tilskott på 80 % av beløpet, medan dei resterande 20 % må betalast attende. For investeringsprosjekt på € 2,5 millionar eller meir, er støtta i form av eit tilskott på 40 % av totalverdien, og for dei resterande i form

---

<sup>7</sup> [http://www.magrama.gob.es/es/pesca/temas/fondos-europeos/participacion\\_publica\\_en\\_programmemea\\_operativo.aspx](http://www.magrama.gob.es/es/pesca/temas/fondos-europeos/participacion_publica_en_programmemea_operativo.aspx)

av tilskott som må tilbakebetalast. Maksimumsverdien for tilskott er € 4,2 millionar, og totalverdien av offentlig støtte er € 6 millionar.

Det refunderbare statstilskotet er i form av eit lån til 0 prosent rente, som må tilbakebetalast innan seks år frå datoen for siste utbetaling av tilskotet. Dei første tre åra vert sett som ei «friperiode», og dei tre siste som tilbakebetalingsperiode. Det refunderbare tilskotet kan, om det vert godkjent og om måla i kvar kontrakt er nådd ved utløp av friperioda, bli halvert og gjort om til støtte som må tilbakebetalast.<sup>8</sup> Desse subsidiane er tilgjengelege for maskiner og utstyr til foredling, handtering, lagring, emballasje og pakking, lagring, marknadsføring og sporing av klippfisk- og saltfiskprodukt.<sup>9</sup>

Dei 10 største ikkje-refunderbare prosjekta for støtte til klippfiskproduksjon i Portugal var totalt på € 16 millionar i 2013, og i alt 81 prosjekt har motteke støtte til omorganisering og kommersialisering av fiskeprodukt. I følgje Promar er over 25 prosent av dei i klippfisksektoren<sup>10</sup>.

### **2.2.3 Island og Færøyene**

I desse landa er det inga spesiell statsstøtte til klippfisknæringa.

### **2.2.4 Samanlikning**

I Portugal er klippfiskindustrien subsidiert av EU-fond. Desse fonda kan mogleggjere ekspansjon av klippfisknæringa som over tid vil dette kunne styrkje konkurranseevna til portugisisk industri.

## **2.3 Eksportfinansiering**

Klippfisk er eit dyrt produkt. Ei last av sei, lange eller brosme har ein verdi på over kr 850 000. For ei last av torsk er verdien på over 1 million kroner. Eksportfinansiering er essensielt for eit vellykka forretningsforhold mellom eksportør og importør. Å vere i stand til å tilby gunstige kredittvilkår er ofte naudsynt for gjennomføring av eit sal. For dei aller fleste klippfiskeksportørane er det ikkje sjølve salet som er problemet. Den vanskelegaste delen i ein salsprosess er å få betalinga tidsnok til at begge partar kan dra nytte av og utvikle eit fruktbart samarbeid.

Sidan transport kan ta 25 dagar eller meir til dei fleste land utanfor Europa, opererer aktørane gjerne med kredittvilkår på minimum 60 dagar. I laupet av denne tida er både eksportør og importør utsett for valutasvingingar og høve for politisk uro. På dei fleste fiskemarknader vert klippfisk seld i lokal valuta, medan importen vert betalt i dollar eller Euro.

Sjølv om den politiske situasjonen har vore forholdsvis stabil i seinare tid i dei fleste land der det vert selt klippfisk, kan t.d. val eller politiske endringar resultere i offentlege inngrep i økonomien som kan påverke handel. Det kan ofte vere tale om ikkje-tariffære tiltak,

---

<sup>8</sup> [http://www.promar.gov.pt/Download/EIXOS/EIXO2/Medida2/Port\\_424\\_C.pdf](http://www.promar.gov.pt/Download/EIXOS/EIXO2/Medida2/Port_424_C.pdf)

<sup>9</sup> [http://www.promar.gov.pt/Download/EIXOS/EIXO2/Medida2/Port\\_424\\_C.pdf](http://www.promar.gov.pt/Download/EIXOS/EIXO2/Medida2/Port_424_C.pdf)

<sup>10</sup> [http://www.promar.gov.pt/Download/PROJECTOS/Continente-Pagamentos\\_PROMAR\\_30062014.pdf](http://www.promar.gov.pt/Download/PROJECTOS/Continente-Pagamentos_PROMAR_30062014.pdf)

t.d. når det gjeld å utferde importlisens eller ulike krav til dokumentasjon som gjer importen vanskelegare.

Dei fleste klippfiskmarknader er prissensitive: eit produkt som er for høgt prisa grunna valutakurssvingingar eller andre marknadsfaktorar, resulterer i svakt sal og dårleg inntening. For å kunne greie seg i desse marknadane er det naudsynt å planlegge finansielt for eventuelle nedturar.

For eksportørane er tilgang til kreditt ein nøkkelfaktor for å oppnå stordriftsfordelar og auka høve for sal. Rask betaling, eventuelt kontantoppgjer ved sending, vil betre likviditeten for eksportøren. For å overleve er mange små og mellomstore klippfiskeksportørar difor avhengige av kredittfinansiering. Den rimeleg lange produksjonstida for klippfisk gjer at det ofte er tale om ei periode på mange månader frå mottak av råstoff til oppgjer for sal av produktet.

I mellomtida kan bedriftene dekkje aktivitetane sine gjennom tre kjelder: bedrifta sine egne ressursar, kreditt og støtte frå offentlege styresmakter. Desse forholda gjeld generelt, enten bedrifta eksporterer eller ikkje (Solberg, 2015). I følgjande avsnitt går me inn på spesielle trekk ved eksportfinansiering.

### **2.3.1 Noreg**

Noreg har to offentleg støtta verkemiddel for eksportfinansiering: offentleg støtta eksportlån som vert tilbydd av Eksportkreditt Noreg og eksportgarantiar som vert tilbydd gjennom Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK)<sup>11</sup>. Kreditt til eksportkundar bør i følge Solberg (2015)<sup>12</sup> delast inn i to grupper: kortsiktige kredittar og mellom- og langsiktige kredittar. Finansieringa av mellom- og langsiktige kredittar vert omtala saman med Eksportkreditt Noreg.

Kortsiktige kredittar, vanlegvis på opptil eit halvt år, kan finansierast på fleire måtar. Det er grunn til å rekne med at ein aukande del av denne finansieringa skjer ved eksportøren sin kassakreditt hos sitt banksamband, eller ved ei anna form for driftskreditt. Blant desse kan ein trekkje fram dei som er mest aktuelle ved eksport:

*Diskonteringskreditt:* Eksportøren utferdar ei tratte etter salsavtalen sine vilkår og sender denne saman med eksportdokumenta til kunden sin bank. Banken returnerer tratten i akseptert tilstand, og på det grunnlaget kan eksportøren avtale diskonteringslån med sin bank. Diskonteringskreditt kan gjennomførast både ved aksept mot dokument og kredittremburs.

*Refinansiering:* Eksportøren trekk ein vekslel på ein utanlandsk bank som vert endossert i hans norske bank. Mot denne vekselen betalar den utanlandske banken eksportøren kontant, og eksportøren kan gjere opp med sin bank. Renta er avhengig av kva for valuta finansieringa vert gjort i.

*Factoring:* Factoringselskapet kjøper leverandøren sine fordringar og står for inndringa av desse. Kostnaden er noko høgare enn diskonteringskreditt (administrasjonsgebyr + delkredere), men til gjengjeld slepp eksportøren inkassoarbeid og vert frigjort frå risikobyrda.

---

<sup>11</sup> <https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/frihandel-og-naringssamarbeid/offentlig-stottet-eksportfinansiering/id601946/>

<sup>12</sup> Solberg (2015), s.397-399

«*Forfaitering*»: Ein type diskontering som inneber at ein bank kjøper eit tilgodehavande utan å krevje regress, men til ein diskonto som avspeglar den risiko som er bunde til fordringa (brukast gjerne i samband med kapitalvareeksport til mellomlange kredittar).

*Eksport via eksporthus*: Eksporthuset tar på seg heile det finansielle ansvaret bortsett frå det produksjoen

Dei fleste norske klippfiskeeksportørane finansierer sal ved kassekreditt. Dei mest brukte marknadslåna i klippfiskindustrien er kassakreditt og fakturafinansiering (factoring), der kostnadane kan vere rundt 0,75 % + ca 4,5 % rente på den totale fakturaverdien. Marknadsvilkår på lån er knytt til referanserenta (t.d. LIBOR, EURIBOR eller NIBOR), i tillegg til ein margin. Vilkåra varierer frå eksportør til eksportør, avhengig av storleik, kapital, institusjon og portefølje. Fordringar er alltid forbunde med kredittforsikringsselskap som Giek og Atradius.

Staten sine tilbod om forsikringar gjennom GIEK Kredittforsikring AS (GK) utgjer ein viktig aktør i den kortsiktige kundekreditt-forsikringsmarknaden<sup>13</sup>. GK var fram til utgangen av 2014 forvalta av GIEK (Garantiinstituttet for Eksportkreditt) som eit heileigd dotterselskap. Frå 01.01.2015 er forvaltninga og eigarskapet overført til Nærings- og fiskeridepartementet<sup>14</sup>.

GK har ansvar for å sikre eit konkurransedyktig forsikringstilbod til små og mellomstore eksportbedrifter med kredittider på inntil to år. Selskapet tilbyr kredittforsikring og dekkjer tap på fordringar med inntil 90%. GK har konsesjon til å tilby forsikring av kredittar, kausjon og diverse økonomiske tap. Kredittforsikringane vart i 2014 utsteda til norske eksportørar til vel 90 land. Kjerneverksemda er delt inn i følgjande forretningsområde: Fisk & Sjømat og Industri. Forsikra volum for segmenta Fisk & Sjømat og Industri var fordelt med hhv. 31,6 mrd (67%) og 15,44 mrd (33%) i 2014. Konvensjonell sektor utgjorde 2,34 mrd. – 5% av forsikra volum. Det forsikra kredittsalet var totalt 46,8 mrd. kroner, ein auke på 1,7% frå 2013. Små og mellomstore bedrifter utgjorde om lag 74% av talet på polisar (garantiar)<sup>14</sup>.

Dei fleste norske eksportørane tilbyr minst 30 til 60 dagar kreditt til sine kundar, enkelte opp til 90 dagar. Brasil er truleg landet med mest krevjande betalingsvilkår (90 dagar, rembursar på opptil 120 dagar). Giek Kredittforsikring kan dekkje klippfiskeeksportørane sin kortsiktige kredittisiko og verne mot tap på inntil to år (produksjonsperiode + kredittid). Gjennom ein leverandørkredittgaranti kan eksportørane forsikre før-leveranserisiko. Forsikringa dekkjer akkumulerte produksjonskostnader fram til levering. Typisk kostar forsikringa rundt 0,43 % av den totale forsikringsverdien, avhengig av omsetnad. For til dømes til Brasil er vanleg dekningsgrad 80%.

Dei fleste klippfiskeeksportørar som er sårbare for manglande betaling har kredittforsikring. Dei mest brukte kredittforsikringsselskapa for klippfiskeeksportørar i tillegg

<sup>13</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dep/nfd/organisation/etater-og-virksomheter-under-narings-og-fiskeridepartementet/Subordinate-agencies-and-institutions/garanti-instituttet-for-eksportkreditt-g/id435110/>

<sup>14</sup> GIEK Kredittforsikring AS, årsrapport 2014;  
<https://www.giekkreditt.no/ResourceServlet/c373e94ce4cc91a9b68e005056a339e4>

til Giek er Euler Hermes, Atradius og Coface. Som regel vert det tilbydd inntil 90 % dekning ved manglande betaling.

### **Eksportkreditt Noreg**

Langsiktige og stabile finansieringsordningar kan vere eit knapt gode og eit viktig bidrag til norske eksportørar si konkurransekraft. Finansiering av mellomlange og lange eksportkredittar til utanlandske kundar er i dag ivaretekne av Eksportkreditt Noreg. Eksportkreditt vart etablert i 2012 og er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet. All finansiering kjem frå staten, og utlån står på staten sin balanse. I tredje kvartal 2014 utgjorde utlånsporteføljen rundt 55 milliardar NOK; 44% CIRR-lån (fastrentelån) og resten marknadslån. Eksportørar innan shipping, olje og offshore-industrien har tradisjonelt nytta eksportfinansieringsordninga mest.

Eksportkreditt tilbyr lån med to ulike rentevilkår: CIRR-lån til fastrente (Commercial Interest Reference Rate) og CIRR-kvalifiserte marknadslån til flytande rente. CIRR-lån vert gjeve i samhald med OECD-avtalen om offentleg støtta eksportkreditt. Renta er basert på statsobligasjonsrenta i kvar enkelt valuta og vert fastsett av OECD den 15. i kvar måned. CIRR-lån kan gjevast i alle typar OECD-valuta. Nedbetalingstid er 2-12 år, for enkelte føremål opptil 18 år. Eksportkreditt tilbyr eksportfinansiering for opptil 85% av eksportkontrakta sin verdi. Marknadslån vert tildelt til gjeldande kommersielle marknadsrenter, men har elles same vilkår som CIRR-lånet med omsyn til tryggleik og nedbetalingstid. Alle utlån skal vere garanterte av Garantiinstituttet for Eksportkreditt (GIEK) og ein eller fleire kommersielle bankar. Aksepterte garantistar kan vere GIEK, norsk bank, større utanlandsk bank eller større norsk forsikringsselskap. Ved årsskiftet 2013/2014 sto GIEK for 75% av garantistillinga for Eksportkreditt si låneportefølje, medan norske bankar garanterte for 12% og utanlandske bankar for 13%.

### **GIEK**

Delen av kreditten som kan dekkjast av Garantiinstituttet sine garantiar er ein viktig faktor for eksportkreditten sin konkurransedyktigheit. GIEK garanterer for store delar av norsk eksport og investeringar i utlandet. I 2014 var garantiramma på 170 milliardar NOK. Garantiinstituttet for Eksportkreditt er ei forvaltningsbedrift underlagt Nærings- og fiskeridepartementet som stort sett arbeider sjølvstendig i nær kontakt med bankar og andre finansieringsinstitusjonar. Føremålet er å fremje norsk eksport og norske investeringar i utlandet – gjennom å garantere for norske eksportørar sine fordringar til utanlandske kundar mot ein premie. Om kunden ikkje innfrir fordringa vil instituttet dekkje størsteparten av tapet som eksportøren eller banken måtte lide. GIEK si verksemd kan grupperast slik:

*Kontraktsgarantiar* dekkjer risiko som oppstår i perioda mellom kontraktinngåing og levering.

*Kredittgarantiar* vert nytta ved sal av kapitalvarer der kreditten gjerne strekk seg over to år eller meir. Inntil 90% av kommersiell risiko kan dekkjast, medan maksimalsatsen for politisk risiko er 100%. GIEK gir ikkje sjølv garantiar for kredittar på mindre enn to år, men GIEK Kredittforsikring (som omtala over) kan på kommersiell basis avdekkje risiko ved denne typen kontraktar.



*Garantiar overfor långjevar* vert i hovudsak gjeve ved eksport av kapitalvarer og teknisk utstyr – også denne for kontraktar som strekkjer seg over meir enn to år. Når eksportøren ikkje kan stille tilstrekkeleg tryggleik for lån sjølv vil GIEK kunne gje långjevar garanti for mellom 70-100% av lånebeløpet. Som hovudregel må eksportøren sjølv dekkje resterande risiko (0-30%) eller søkje dekning i privat bank.

*Investeringsgarantiar* dekkjer politisk risiko i samband med investeringar utanlands og kan omfatte både eigenkapital og lånekapital til utanlandsk dotterselskap.

I tillegg til desse garantiane har GIEK ei rekke andre ordningar som i liten grad er brukt som finansierings- og anbodsgarantiar, garantiar ved salstiltak og ordning for eksport til eller investering i u-land.

Det er først og fremst olje- og gass-sektoren som nyter godt av GIEK sine garantiar. I 2013 var 68% av alle garantiane i denne sektoren, deretter andre energiprojekt (5%), skip (4%) og industri (2%). Små og mellomstore eksportbedrifter er ifølgje årsrapporten 2014 noko underrepresenterte i GIEK si garantiportefølje<sup>15</sup>. Difor lanserte GIEK i 2014 ei forenkla finansiering for SMB (små og mellomstore bedrifter) saman med Eksportkreditt Noreg. Ordninga er ei felles finansiering for kontraktar under 100 millionar NOK som inneber éin søknad i staden for tidlegare to, saman med finansiering utan ekstern bankdeltaking for kontraktar under 30 millionar NOK.

### **2.3.2 Island**

Det fins ingen særordningar for eksportfinansiering på Island. Finansieringsalternativa er individuelle for kvar enkelt bedrift og banken dei nyttar.

### **2.3.3 Portugal**

Den portugisiske regjeringa tilbyr finansiell støtte, garantiar og andre insentiv for å stimulere eksport.<sup>16</sup> Som i Noreg er den vanlegaste eksportfinansieringsmetoden kassekreditt. Skilnaden er at i Portugal er lån for klippfiskeeksportørane støtta av Staten.

Den portugisiske regjeringa innførde i 2014 ein ny kassekreditt som klippfiskeeksportørar nyttar. Denne kassekreditten kallast “PME crescimento”, som tydar vekst for små og mellomstore bedrifter. Innan denne ramma vert det tilbydd eit produkt kalla “PME Exportações” (SME Eksport), som er retta direkte mot eksport. I 2014 var € 500 millionar tilgjengeleg for finansiering av ordrar frå utlandet.<sup>17</sup> Portugisiske klippfiskeeksportørar, og då spesielt små og mellomstore bedrifter, får med denne nye kassekreditten hjelp til å overvinne tradisjonelle utfordringar med å oppnå kreditt. Større selskap har og nytt godt av dette tilbodet.

I tillegg til høve for finansiering, er denne låneramma eit ledd i regjeringa sin plan for å hjelpe små og mellomstore bedrifter med å hente inn risikokapital eller kredittgaranti. Den

---

<sup>15</sup> Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK), Årsrapport 2014; <http://www.giek.no/arsrapport/intro.html>

<sup>16</sup> Kjelde: Dr. José Miguel Fernandes of BBPI – Centro de Empresas da Maia – privat kommunikasjon.

<sup>17</sup> <http://www.pmeinvestimentos.pt/linhas-de-credito-e-seguros/Linha-PME-Crescimento-2014/221/>

tek sikte på å leggje til rette for små og mellomstore bedrifter sin (SME) tilgang til bankkreditt, inkludert rentesubsidiering, og å minske risikoen ved banktransaksjonar gjennom bruk av ei garantiteneste frå det nasjonale gjensidige garantisystemet som dekker inntil 55 % av uteståande kapital.<sup>18</sup>

Låneramma til “PME Exportações” vart utvikla spesielt for å møte likviditetsbehov ved eksporttransaksjonar som har eit mellombels behov for auka arbeidskapital. Førehandsbetaling for eksportsending, ekstern finansiering og før-eksport finansiering er tilgjengeleg. Dette finansieringstilbodet er tilgjengeleg for ei periode på eitt år (med høve for forlenging), og løpetida på finansieringa er inntil tre år. Av låneramma er € 400 millionar, eller 80 %, tenkt å finansiere ordrar for varer og tenester bestilt av utanlandske kundar, medan dei resterande € 100 millionar er tenkt å finansiere eksport av varer med lang produksjonssyklus og fakturering. Kvar eksportbedrift kan søkje om inntil ein million Euro av denne låneramma, og renta er knytt til Euribor si kvartalsrate, med rentemargarinar frå 3,70 til 4,70 prosent.<sup>19</sup>

Den portugisiske regjeringa tilbyr og gode eksportgarantiar. Staten yter indirekte støtte gjennom ein privat marknadsleiande forsikringstilbydar i Portugal som heiter “COSEC - Companhia de Seguro de Créditos, S.A.”. Selskapet tilbyr forsikringsordningar der det er risiko ved eksport til politisk ustabile land. Forsikringsordningane vert tilbydd i samarbeid med det største kredittforsikringsselskapet i verda, Euler Hermes, samt BPI.

Forsikringslåneramma for eksport til land utanfor OECD er ei statsstøtta eksportkreditt-finansieringsdekning forvalta av COSEC som kan gjevast til enkelttransaksjonar eller til eksisterande handel av varer og tenester med minimumskreditt på € 20 000<sup>2021</sup>. Dekninga er på inntil 98 % av kreditten. Forsikringspremien er fastsett i henhold til skalaen som gjeld for statsstøtte med tillegg for dokumentavgift. Minimumspremien per forsikring er € 250.

Prisen på forsikring kjem an på kva for kategori kjøparens land er i (gruppe sju representerer høgste risiko, medan ein er lågaste risiko), om kunden er offentleg eller privat, og vilkåra for kreditttransaksjonen. Brasil er i gruppe tre.<sup>22</sup>

Det er kjent at den portugisiske stat yter støtte til COSEC gjennom det såkalla SME Garantiprogrammet, som har som mål å styrkje kredittforsikringsmekanismene til SME ved å tilby støtte i form av garantiar. Garantiane kan gjevast av det nasjonale gjensidige garantisystemet (National Mutual Guarantee System), noko som gjer at bedrifter får enklare tilgang til kredittforsikringar på gunstigare vilkår levert av COSEC.<sup>23</sup>

### **2.3.4 Samanlikning**

---

<sup>18</sup> <http://www.iapmei.pt/iapmei-mstplindex.php?msid=12>

<sup>19</sup> <http://www.pmeinmentos.pt/linhas-de-credito-e-seguros/Linha-PME-Crescimento-2014/221/>

<sup>20</sup> <http://www.cosec.pt/index.php?id=142>

<sup>21</sup> Dei fylgjande marknadene er ekskludert: alle europeisk land unnateke Hellas; OECD land: Australia, Canada, USA, Island, Japan, Noreg, New Zealand og Sveits.

<sup>22</sup> [http://www.cosec.pt/downloads/file139\\_pt.pdf](http://www.cosec.pt/downloads/file139_pt.pdf)

<sup>23</sup> <http://www.iapmei.pt/iapmei-mstplindex.php?msid=12>

Eksportøren sitt kredittilbud har etter kvart utvikla seg til å verte ein avgjerande konkurransefaktor – på linje med pris, kvalitet, leveringstid, etc. For å hjelpe næringa til å møte ulike krav om kreditt har styresmaktene i dei fleste vestlege land etablert institusjonar tilsvarande Eksportfinans og GIEK som opererer med ulike rammer og vilkår. OECD-landa har inngått ulike overeinskomstar og harmoniseringar av eksportkredittløyva. Desse omhandlar så vel rentenivå som kredittid og kredittandelar. Dette har ført til at dei fleste land har innført støtteordningar som bringer eksportkredittløyva til det gunstigaste tillate nivået i forhold til desse reglane<sup>24</sup>.

Det er tydeleg at Portugal har ein konkurransefordel vis-à-vis Noreg når det gjeld eksportfinansering. Landet har utvikla finansielle verkty med svært gunstige vilkår for å hjelpe den lokale klippfiskindustrien, som vert oppmuntra til å utvikle nye marknader og segment. Med ei dekning på inntil 98 % av kreditten er dette utan tvil den best tilgjengelege kredittforsikringa. I Noreg og andre produsentland er det vanskeleg å oppnå meir enn 80 % dekning ved sal til ein risikomarknad, som mellom anna Brasil vert sett som.

#### 2.4 Bruk av tilsetjingsstoff i produksjonen

I følgje EU reguleringane for tilsetjingsstoff (Commission Regulation (EU) No 1068/2013)<sup>25</sup> er tilsetjing av di-, tri-, og polyfosfat lovleg frå 31.12.2013 i salting av fisk frå *Gadidae* familien som har vore for-salta ved injisering og/eller lakebad med minimum 18 % salt i laken, og som er etterfølgt av tørrsalting. Konsentrasjonen av fosfat (P<sub>2</sub>O<sub>5</sub>) kan ikkje overstige 0,5%. Handheving av regelverket er ulikt i forskjellige land, og det er og noko uklart om det er lov å tørke fosfatbehandla saltfisk til klippfisk. Av kjøparar som tørkar produkta er injeksjon eller tilsetjing av fosfat gjerne ikkje akseptert grunna auka vassinnhald og dermed lengre forventa tørkeprosess<sup>26</sup>.

Bruken av fosfat er regulert for å verne forbrukaren. Stoffa er ikkje vurdert å vere helseskadelege, men bruken gjer at fisken ikkje slepp like mykje vatn under salting som den ville ha gjort utan fosfat. Dette kan verke misvisande dersom produktet ikkje er merka. Elles er det slik at det er ulike preferansar i ulike land. Marknadene i Mexico, Spania og Brasil ynskjer ikkje klippfisken fullt så tørr som t.d. marknaden i Portugal. Forbrukarar i Spania ser ut til å føretrekke ein fyldig saltfisk som er kvit på farge, og rett bruk av fosfat kan dermed tilføre ekstra kunde verdi i denne marknaden<sup>27</sup>.

Effekta av fosfattilsetjingar til saltfisk er forholdsvis lite dokumentert. Ei litteraturstudie frå Møreforskning<sup>28</sup> har vist at fosfattilsetjing i salta fisk *potensielt* kan påvirke kvaliteten ved å hindre harskning/guling gjennom utfelling av blod, medvirke til å bevare fargen på fisken under lagring, samt gjennom binding av vatn påvirke tekstur, saftigheit og hindre avrenning under lagring. Deira resultat frå to småskala forsøk og tre storskala forsøk viste at fosfat i rett konsentrasjon kunne gjere produktet lysare og redusere

<sup>24</sup> Solberg (2015), s 399-400.

<sup>25</sup> <http://eur->

[lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=OJ:L:2013:289:0058:0060:EN:PDF](http://lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=OJ:L:2013:289:0058:0060:EN:PDF)

<sup>26</sup> [http://www.nora.fo/fileadmin/user\\_upload/files/13/20110505113250374.pdf](http://www.nora.fo/fileadmin/user_upload/files/13/20110505113250374.pdf)

<sup>27</sup> [http://www.nora.fo/fileadmin/user\\_upload/files/13/20110505113250374.pdf](http://www.nora.fo/fileadmin/user_upload/files/13/20110505113250374.pdf)

<sup>28</sup> [http://www.fhf.no/media/67617/m\\_reforskning\\_fosfat\\_31.10.13.pdf](http://www.fhf.no/media/67617/m_reforskning_fosfat_31.10.13.pdf)

gulning, men tilsetjingsstoffet ga ikkje betre kvalitet enn råstoffutgangspunktet tillèt – fosfatet såg ut til å ha betre effekt på godt råstoff enn dårleg råstoff (blodmengde). Effekta på utbytte og kvalitet var elles betre for frosne råstoff enn for ferskt råstoff. Forsøka ga ikkje effekt på avrenning av lake under lagring eller mengde blod i fisken.

Data frå eitt forsøk på klippfisk viste at fosfat medførte auka del av superior kvalitet og i liten grad ekstra tørking - men fisken vart lagra i to månader før tørking. Fosfattilsetjinga medførte opp mot 1 % auke i utbytte for klippfisk i dette forsøket<sup>29</sup>.

### **Noreg**

I Noreg har ein byrja å bruke fosfat i saltlaken under produksjon til land som tillet dette. Mange ulike kombinasjonar av salting vert nytta; pickling (sjølvforlaking), pickling tilsett saltlake, injisering og tørrsalting, avhengig av produsent og eksportmarknad. Saltkonsentrasjonen (NaCl) i saltlaken som vert brukt kan variere frå 17 % til metta (24 %). Det vert nytta sjøsalt, steinsalt eller ei blanding av baa. "Kvitfisksalt", som er tilsett meir kalsium enn det som normalt fins i salt, vert og nytta.<sup>30</sup>

I Noreg er den vanlegaste salteprosessen pickling med tilsetjing av lake. Dersom fosfat vert nytta blir den blanda i laken og injisert før innsalting. Dette kan utgjere ein auke i utbyttet på ca. 5 % for saltfisk og 1 % for klippfisk<sup>31</sup>. Det kan verke som konsumentane føretrekk kvit fisk og det vil dermed kunne vere ein fordel å nytte fosfat i produksjon av saltfisk for nye marknader.

### **Island og Færøyane**

Island og Færøyane må halde seg til det same EU-regelverket som Noreg. Salting av fisken på Island vert hovudsakleg gjort gjennom tre trinn, injisering, lakesalting og tørrsalting<sup>6</sup>. Fosfat er knytt til byrjinga av salteprosessen gjennom injisering. Bruken av fosfat på Island og Færøyane har vore vanleg i over 10 år<sup>32</sup> slik at industrien i desse to landa har opparbeida seg kompetanse i bruken av fosfat.<sup>33</sup> Saltkonsentrasjonen (NaCl) i laken kan variere frå 12 til 24 %.

### **Portugal**

I Portugal er kravet til vassinnhald i klippfisk 47 %. Dermed er bruken av fosfat praktisk tala ikkje-eksisterande. Sjølv om bruken er godkjend av EU, må portugisisk lovverk endre defineringa av klippfisk med høgare vassinnhald enn 47 %, før ein kan marknadsføre klippfisk tilsett fosfat. Fosfatsalta saltfisk har eit høgt innhald av vatn, og å tørke denne fisken til klippfisk av portugisisk standard er tidkrevjande og kostbart; nokre seier det er uråd.

---

<sup>30</sup> <http://www.matis.is/media/matis/utgafa/46-10-Production-of-salted-fish-in-the-Nordic-countries.pdf>

<sup>31</sup> For klippfisk, sjå [http://www.fhf.no/media/67617/m\\_reforskning\\_fosfat\\_31.10.13.pdf](http://www.fhf.no/media/67617/m_reforskning_fosfat_31.10.13.pdf)

<sup>32</sup> [www.nora.fo/fileadmin/user\\_upload/files/13/20110505113250374.pdf](http://www.nora.fo/fileadmin/user_upload/files/13/20110505113250374.pdf)

<sup>33</sup> I fylgje industrijelder er det grunn til å tru at Noreg har tapt marknadsdelar for klippfisk i Italia grunna bruk av fosfat i islandsk klippfisk.

For å verne sin eigen industri har Portugal forhandla fram ein bilateral avtale med Noreg der det vert garantert at klippfisken vert produsert utan fosfat<sup>34,35</sup>. Dei grunnjev dette som følgjer<sup>36</sup>:

- At bruken av fosfat i saltfisk ikkje har nokon fordelar, sett vekk frå å auke innhaldet av vatn, og derav auke fortenesta på salet av desse produkta for nord-europeisk klippfiskindustri (der fisket og den fyste produksjonsfasen finn stad), og at det gjer den etterfølgjande tørkeprosessen (andre fase), som vert gjort av portugisisk industri, dyrare og meir tidkrevjande.
- Det villeier sluttforbrukarane sidan fisk i Portugal i mange tilfelle vert seld i bulk utan detaljert merking og difor ikkje inneheld informasjon om bruk av fosfat.
- Tap av tradisjonelle produkteigenskapar. Ved å innføre fosfat i produksjonen vil ein endre dei endelege produkteigenskapane (farge, smak, tekstur etc.), som er vesentlege for ekte portugisiske produkt.<sup>37</sup>

### Spania

I hovudsak vert det nytta saltfisk i Spania. Dei kjøper det meste av saltfisken frå Island og dermed også med tilsetjing av fosfat noko som er i samsvar med Commission Regulation (EU) No 1068/2013. Ein har ikkje oversikt over relevant spansk lovgjeving på området.

### Canada

Fosfat er ikkje godkjent som tilsetjingsstoff i Canada, men kan brukast om saltfisken skal eksporterast til eit land der det er godkjend. Den salta fisken må vere i samsvar med lovar og reglar i mottakarlandet og tydeleg merkast med "Eksport". Det må og følgje med eit sertifikat som stadfestar at sendinga ikkje er i strid med reglementet i mottakarlandet.<sup>38</sup>

### Kina

I Kina er tilsetjing av fosfat ikkje forbode. Nasjonale standardar for tilsetjingsstoff i fiskeprodukt vert sett i samband med *Codex Alimentarius*, som inneheld matstandardar og retningslinjer under styring av FAO og WHO. Etter retningslinjene i *Codex* og reguleringar frå EU Food Additive Regulation kan konsentrasjonen av polyfosfat (P<sub>2</sub>O<sub>5</sub>) ikkje overstige

---

<sup>34</sup> Dette inneber ei friviljug erklæring, der ein pliktar seg til å merke fisken «without added phosphates» både på emballasje (etiketter) og faktura (dersom kunden ynskjer det)

<sup>35</sup> MOU: "Memorandum of understanding on co-operation on the use of Polyphosphates in Bacalhau between the Ministry of Fisheries and Coastal Affairs of the Kingdom of Norway and the Ministry for Agriculture and Sea of the Portugese Republic". Avtalen inneber ei plikt til å dokumentere at fisken er utan tilsett fosfat. Informasjonen skal gå fram både av emballasje (etiketter) og handelsdokument.

<sup>36</sup> <http://www.fhf.no/prosjektdetaljer/?fileurl=https%3a%2f%2fintranett.fhf.no%2fDokumenter%2f900843%2fHFH-+Analitcal+state+of+the+art+of+poliphosphate+additives+ANFACO-29112012.pdf&filename=Rapport%3a+Official+Control+of+Polyphosphate+Addititves+and+Analytical+State+of+the+Art>

<sup>37</sup> Reborredo, Porro / Official control of polyphosphate additives and analytical state of art, s.6.

<sup>38</sup> <http://www.inspection.gc.ca/english/fssa/fispoi/product/additi/guidee.shtml>



0,5%, og auke i vassinnhald på meir enn 5% må fortollast (med unntak for filetblokker, der ein 10% auke er tillaten). Omfanget av bruken av tilsetjingar i Kina er ukjend – i følgje Clarke (2009) kan produsentane i nokre tilfelle nytte fosfat og tilsetjingar i laken utan at kunden vert informert om det, medan det i mange tilfelle også vert gjort etter kunden sin førespunad.

Arne Røst frå West Norway i Ålesund, ein eksportør med brei erfaring frå produksjon i Kina, fortel at dei ikkje brukar tilsetjingsstoff i sin klippfisk- eller saltfiskproduksjon<sup>39</sup>. West Norway er den største produsenten av klippfisk i Kina; deira produksjon utgjer 50 % av landet sin totalproduksjon. Resten av produksjonen står kinesiske selskap i Dalian og Qingdao-området for.

### **Samanlikning**

Noreg har avgrensa erfaring i bruk av fosfat i saltfisk og klippfisk, noko som kan vere ein ulempe overfor enkelte konkurrentar i dei marknadane der bruk av fosfat i slike produkt kan utgjere ein konkurransefaktor.

## **2.5 Offentleg støtte til forskning og utvikling (FoU)**

### **Noreg**

I Noreg vil offentleg støtte til FoU kunne kome gjennom Noregs forskingsråd (Nfr), Innovasjon Noreg og næringa sitt eige fond, Fiskeri- og havbruksnæringa sitt Forskingsfond (FHF). Nfr har ingen særskilde program berre for klippfisk, men ut frå formål kan ein søkje relevante program.<sup>40</sup>

Føremålet for FHF er å skape auka verdi for fiskeindustrien. Det er finansiert av industrien sjølv gjennom ei forskings- og utviklingsavgift på eksport av all sjømat (pr. i dag 0,3 %). Styret i fondet er utpeikt av Nærings- og fiskeridepartementet, og er samansett av representantar frå industrien. Industrifundamentet er vidare forsterka av ei rekkje rådgjevande grupper som er aktive aktørar i bransjen.

I perioden 2012 – 2014 var budsjettet for klippfiskindustrien på 10 millionar kroner per år, og prosjekta som vart prioritert søkte å betre effektivitet og automatisering i produksjonen av klippfisk-, saltfisk og tørking av fisk for å automatisere sjølve tørkeprosessen, i tillegg til å auke kunnskap om kvalitet og kvalitetsstyring.<sup>41</sup> FHF finansierer for tida prosjekt som støttar konkurransevna til klippfiskindustrien i Noreg, både på marknads- og produksjonssida.<sup>42,43</sup>

<sup>39</sup> Privat kommunikasjon 07.09.2015.

<sup>40</sup> Dette prosjektet er finansiert av Nfr sitt Bionær-program.

<sup>41</sup> <http://www.fhf.no/slik-arbeider-fhf/>

<sup>42</sup> <http://www.fhf.no/prosjektarkiv/?searchstring=klippfisk&page=1>

<sup>43</sup> Nokre tidlegare prosjekt er Haldbarheit på klippfisk (28.02.13-31.08.15) med eit budsjett på 4 910 000 og Nofima som ansvarleg organisasjon; Implementering av forskingsresultat om tørkeprosessen i klippfisknæringa (02.02.15-30.06.15), budsjettet til kr 220 000 og med SINTEF som ansvarleg organisasjon; Marknadshøve og utfordringar for norsk klippfisk i Angola (01.12.13-01.05.15), budsjettet til 900 000 og med Nofima som ansvarleg organisasjon.

SkatteFUNN let små og mellomstore bedrifter få 20 prosent skattefrådrag av kostnader til forskning og utvikling. For store bedrifter er frådraget 18 prosent. Kostnadar til eigenutført FoU har ei øvre ramme på 15 millionar kroner per inntektsår, medan innkjøpt FoU har ei ramme på 33 millionar kroner per inntektsår. Summen av eigenutført og innkjøpt FoU kan ikkje overstige 33 millionar kroner. For å ta del må bedrifter vere skattepliktige i Noreg. Bedriftene kan stå for prosjekta sjølv, eller samarbeide med andre bedrifter. Bedrifter som ikkje er i skatteposisjon får utbetalt støtta gjennom skatteoppgjeret<sup>44</sup>.

Innovasjon Noreg sine verkemiddel skal generelt vere næringsnøytrale, og per 2015 er ingen verkemiddel retta mot klippfisknæringa eller foredling spesielt. Eit tidlegare Marint Verdiskapingsprogram fekk ikkje tilført nye midlar i statsbudsjettet for 2015.

I tillegg kan Innovasjon Noreg støtte forskning og utvikling i næringslivet ved å gje tilskot til leverandørbedrifter gjennom industrielle forskings- og utviklingskontaktar som involverer to eller fleire partar – ei eller fleire leverandørbedrifter og ein eller fleire pilotkundar (IFU-ordninga)<sup>45</sup>. Innovasjon Noreg har opplevd ein aukande dialog med både klippfiskaktørane og leverandørar som utviklar løysingar for bedriftene.

Fleire forskingsinstitutt utfører prosjekt for eller i tilknytning til næringa. Av desse er truleg Sintef, Nofima og Møreforskning dei viktigaste. Nofima held på med iallfall to prosjekt som vil kunne gagne konkurranseevna til klippfiskindustrien. Møreforskning har blant ann forska på fosfat i saltfiskproduksjon gjennom eit internasjonalt prosjekt over fleire år finansiert av FHF<sup>46</sup>.

## **Portugal**

I Portugal tilbyr regjeringa støtte til FoU av eksport for klippfiskindustrien gjennom eit program som vert kallas SME (small, medium, enterprises) Qualification som er eit insentiv for kvalifisering og internasjonalisering. Målet for programmet er å styrkje konkurranseevna til bedrifter gjennom betra produktivitet, fleksibilitet, respons og aktivt nærvær i den globale marknaden. Programmet omfattar følgjande prosjektypar:

- 1) Individuelle prosjekt – presentert enkeltvis av ei SME.
- 2) Samarbeidsprosjekt – presentert av eit konsortium med minimum tre bedrifter, men ofte minst 10.

---

<sup>44</sup> [http://www.skattefunn.no/prognett-skattefunn/Artikkel/Hvem\\_kan\\_fa\\_stotte\\_og\\_hvor\\_mye/1253987672197](http://www.skattefunn.no/prognett-skattefunn/Artikkel/Hvem_kan_fa_stotte_og_hvor_mye/1253987672197)

<sup>45</sup> IFU/OFU-kontrakta er eit utviklingssamarbeid om krevande forskings-og utviklingsprosjekt mellom to eller fleire partar. Det kan vere fleire samarbeidande verksemder på begge sider, både på leverandørsida og kundesida.

[http://www.innovasjon norge.no/PageFiles/129186/IFU\\_OFU%20Veileder.pdf](http://www.innovasjon norge.no/PageFiles/129186/IFU_OFU%20Veileder.pdf)

<sup>46</sup> Sjø t.d.: Bjørkevoll, I., et.al. (2013). Stabilising quality of light and heavy salted cod. Industrial scale trials with phosphate additives. Anfacó. - [http://www.anfaco.es/fotos/biblioteca/docs/varios/Final\\_report\\_%20\(english\)\\_22%209%2013.pdf](http://www.anfaco.es/fotos/biblioteca/docs/varios/Final_report_%20(english)_22%209%2013.pdf)

Bjørkevoll, I., Reboredo, R. G., Fossen, I. (2014) Methods for phosphate addition in heavy salted cod (*Gadus morhua* L.) LWT – Food Science and Technology, 58,pp 502-510

3) Sams prosjekt - presentert av eit offentleg eller privat selskap med detaljert kompetanse i offentleg politikk for SME-bedrifter, gjennom ein bransjeorganisasjon for å utvikle eit strukturert intervensjonsprogram for å hjelpe desse.

4) "Forenkla innovasjonsprosjekt" der det kan gjevast støtte for bedrifter sine kjøp av konsulenttenester innan teknologi og innovasjon.

Fellesprosjekta bør gjelde minimum 10 små og mellomstore bedrifter (SME), og med deltaking av enkelte bedrifter som ikkje høyrer inn under desse dersom dei ikkje overstig 20 % av deltakarane og dersom deira medverknad kan resultere i ei høgare samla effekt av prosjektselskapa.

Det kan gjevast støtte som følgjer:

- 1) € 400 000 for individuelle og samarbeidsprosjekt;
- 2) € 180 000 multiplisert med talet bedrifter som deltar i fellesprosjekt;
- 3) € 25 000 for forenkla innovasjonsprosjekt (€ 200 000 i saker som kan slåast saman med det som vert kalla Vale RTD<sup>47</sup>).

Maksimalsatsen for støtte er 75 % for forenkla prosjekt, og minimumssatsen for dei resterande prosjekta er 40 %.

### **Samanlikning**

Noreg er truleg i førarsetet når det gjeld FoU. Det er likevel viktig å minne om at det ikkje er vesentlege geografiske barrierar fo teknologiske nyvinningar, slik at ny teknologi utvikla i Noreg på kort tid kan spreia til andre land. Programma i Portugal ser ut til å vere effektive sidan dei støttar industrien innanfrå på ein meir direkte måte enn ein gjer i Noreg. Gjennom SME Qualification-programmet i Portugal mottek industrien insentiv for kvalifisering og internasjonalisering som er tilgjengeleg for aktørar som allereie har lang erfaring og kompetanse frå klippfiskindustrien. Dette kan fremje konkurransevna til klippfiskbedriftene. I Noreg er denne støtta ikkje tilgjengeleg på same måte, fordi bedrifter ikkje mottek midlar til forskning direkte slik som i Portugal.

## **2.6 Arbeidsmarknader og forskrifter**

### **Portugal**

Gjennomsnittleg løn var € 12 000 i 2012<sup>48</sup>. For industrien utgjorde dette omlag 10% dei totale kostnadene.

### **Baltikum og Polen**

I 2012 var gjennomsnittleg årsløn € 6.100 i Latvia, € 8.500 i Litauen og € 10.300 i Polen<sup>49</sup>.

### **Noreg**

<sup>47</sup> For meir informasjon, sjå <http://www.inesctec.pt/cite-en/news-events/the-press-us/vale-i-dt-e-vale-inovacao-apoiam-aquisicao-de-servicos/>:

file:///C:/Users/kontorpc/Downloads/Portugal\_Fact%20Sheet\_23062014.pdf.

<sup>48</sup> Kjelde [http://stecf.jrc.ec.europa.eu/documents/43805/861045/2014-12\\_STECF+14-21+-+EU+Fish+Processing+Industry\\_JRC93340.pdf](http://stecf.jrc.ec.europa.eu/documents/43805/861045/2014-12_STECF+14-21+-+EU+Fish+Processing+Industry_JRC93340.pdf)

<sup>49</sup> Kjelde [http://stecf.jrc.ec.europa.eu/documents/43805/861045/2014-12\\_STECF+14-21+-+EU+Fish+Processing+Industry\\_JRC93340.pdf](http://stecf.jrc.ec.europa.eu/documents/43805/861045/2014-12_STECF+14-21+-+EU+Fish+Processing+Industry_JRC93340.pdf)

Arbeidstilsynet si *Allmenngjering av tariffavtalar om minsteløn i fiskeindustribedrifter* gjev fylgjande satsar (gyldig frå 8. mai 2015)<sup>50</sup>:

- For produksjonsarbeidarar (minstelønssats ved 37,5 timar i veka) kr. 167,70 pr. time.
- For fagarbeidarar (minstelønssats ved 37,5 timar i veka) kr. 177,70 pr. time.

Sosiale kostnader og feriepengar kjem i tillegg til dette. Gjestarbeidarar frå utlandet, spesielt frå Aust-Europa, får same løn som norske arbeidarar.

### Canada

I Canada er enkelte grupper arbeidstakarar i fiskerinæringa unnatekne frå fleire av vedtektene i den kanadiske *Labour Standards Code*. Det betyr at enkelte reglar om tilsetjing ikkje gjeld for desse arbeidarane. Arbeidarane i klippfiskindustrien som kjem inn under unntaka er dei som jobbar med primærbehandlinga av fisken.

I Novia Scotia er det to lønssatsar, ein for erfarne tilsette og ein for dei med lite eller inga erfaring. Ein tilsett med erfaring er ein som har jobba med ein spesiell type arbeid eller arbeida for den same arbeidsgjeveren i tre kalendermånader eller lengre. Ein tilsett med lite eller inga erfaring er ein som har jobba med eit spesielt arbeid eller arbeida for same arbeidsgjevar mindre enn tre kalendermånader.

Sidan 1. april 2014 har alle arbeidsgjevarar måtta betale erfarne tilsette ei minsteløn på CAD 10,40 pr. time, og tilsette utan erfaring ei minsteløn på CAD 9,90 pr. time. Minstelønssatsen gjeld for ei arbeidsveke på opptil 48 timar.<sup>51</sup>

### Samanlikning

Klippfiskforedling er framleis ein arbeidsintensiv industri. Sjølv om det er ein tendens til automatisering av delar av prosessen, så trengst det framleis fagarbeidarar til handteringa av råmateriale. Det er tydeleg at kostnadsnivået for arbeidskraft i Noreg er høgare enn i andre produsentland. Sjølv om det har vore ei jamn betring av arbeidsproduktiviteten i Noreg, har landet ei betydeleg ulempe i konkurransen når det gjeld lønskostnader.<sup>52</sup>

## 2.7 Formuesskatt

Den viktigaste grunnen som vert framført for formuesskatt er at ein vil redusere ulikskap i samfunnet. Skatt på formue, gjerne kombinert med progressiv inntektsskatt, vil medføre høgare skattebyrde for dei med stor formue og inntekt, slik at skilnaden til dei som er mindre bemidla vert redusert. Kor vidt dette skjer i praksis, er likevel eit anna spørsmål.

Det er og viktige motførestillingar mot ein slik skatt. Eit viktig prinsipp innan skatt er at inntekt berre skal skattleggjast ein gong. Formuesskatt bryt med dette prinsippet, ettersom det representerer dobbel skattlegging: Formue er resultat av inntekt, som vert skattlagt når den oppstår. Dersom ein så investerer denne inntekta, vil formuen også verte gjenstand for

<sup>50</sup> <http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=90849/#Fiskeri>

<sup>51</sup> <http://novascotia.ca/lae/employmentrights/fishing.asp>

<sup>52</sup> [http://www.sintef.no/globalassets/upload/fiskeri\\_og\\_havbruk/internasjonalt\\_radgivning/sintef-rapport-14-employment-in-eu-fish-processing\\_industri-based-on-norwegian-seafood-export.pdf](http://www.sintef.no/globalassets/upload/fiskeri_og_havbruk/internasjonalt_radgivning/sintef-rapport-14-employment-in-eu-fish-processing_industri-based-on-norwegian-seafood-export.pdf)

ytterligere skattlegging, noko midlane ikkje vil vere dersom dei vert nytta til konsum. Når ein i tillegg har forskjellig formuesskattlegging for ulike typar formue, der skattlegginga er spesielt gunstig for bustad, så vil dette gje uheldige vridingar i tilpassinga til dei økonomiske aktørane. I tillegg kan det oppstå ytterligere vridingar fordi delar av formuen må realiserast for at ein skal kunne betale skatten.

Dette kan vere ei spesielt stor utfordring i mindre ikkje-noterte selskap grunna det nære forholdet mellom eigaren sin privatøkonomi og selskapet, og eigaren si manglande diversifisering.

I Noreg er formuesskatten for 2015 på 0,85% med eit botnfrådrag på 1,2 mill. kr. (2,4 mill. kr. for ektepar). Verdien av aksjar i ikkje-børsnoterte selskap skal setjast til verdi av aksjane sin del av selskapet sin formuesverdi medan verdien av børsnoterte aksjar vert sett til børsverdien<sup>53</sup>.

### Formuesskatt i OECD-land

Formuesskatt kan grupperast i tre hovudkategoriar: skatt på sjølve formuen; skatt på overføring av formue; og skatt på auke av formue<sup>54</sup>. Det som vil verte vurdert her er skatt på sjølve formuen. Desse skattane kan vere årlege formuesskattar eller sporadiske kapitalavgifter pålagd til dømes ved ei nasjonal krise eller i økonomisk vanskelege periodar.

Tabell 2 gjev ein kort oversikt over formuesskatt i OECD-land. Meir detaljar vert presentert i eit vedlegg. I 2010 var det berre tre OECD-land – Frankrike, Noreg og Sveits – som kravde inn formuesskatt<sup>55</sup>. Sidan den tid har Island og Spania reintrodusert formuesskatt på mellombels basis, medan Italia har innført ein spesifikk formuesskatt på finansielle aktiva lokalisert i Italia og som italienske innbyggjarar held i utlandet.<sup>55</sup> Nederland har ikkje formuesskatt per definisjon, men ei skattlegging av formue gjennom inntektsskatten<sup>56</sup>.

Tabell 2. Oversikt over formuesskatt i OECD-land.

Land	Type skatt	Spesielle reglar	Permanent eller temporær
Frankrike	Progressiv formuesskatt på nettoformue over € 1,3 mill.	Unntak t.d. for driftsmiddel i familiebedrifter der skattebetalaren eig minst 25%, og der selskapet står for skattebetalaren si hovudinntekt.	Permanent
Island	Formuesskatt på personlege eigendelar, inkludert		Mellombels skatt 2010-14

<sup>53</sup> [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no)

<sup>54</sup> eJournal of Tax Research, "Too rich to rein in?" 2013.

<sup>55</sup> pwc Tax Summaries 2014.

<http://taxsummaries.pwc.com/uk/taxsummaries/wwts.nsf/ID/Italy-Individual-Other-taxes>

<sup>56</sup> KPMG 2014.

<http://www.kpmg.com/Global/en/IssuesAndInsights/ArticlesPublications/taxation-international-executives/netherlands/pages/other-taxes-levies.aspx#2>



	finansielle aktiva, driftsmiddel og fast eigedom. For individ var satsen 1,5% på formuar mellom ISK 75 000 000 til 150 000 000, og 2% på formuar over ISK 150 000 000		grunna finanskrisa. No avvikla.
Italia	Finansielle aktiva vert skattlagde med ein fast sats på 0.2% og bankkonti med ein fast sats på € 34,20 per konto. Desse slår inn når gjennomsnittleg sparebeløp er større enn € 5 000.		
Luxembourg	Formuesskatt på verdsomspennande nettoformue for bedrifter. Skattesatsen er 0,5%	Ingen formuesskatt for privatpersonar	Permanent
Nederland	Skattlegginga er basert på ein føresetnad om 4% avkastning på kapital, som vert skattlagd ved ein fast sats på 30%. I praksis svarar dette til ein formuesskatt på 1,2%	Berre kapital som er tilgjengeleg for sparing og investering blir rekna med i grunnlaget. Fritak for eigen bustad, investert kapital i eiga verksemd, eller direkte og indirekte eigarskap til meir enn 5% av utstedt kapital i eit selskap.	Permanent
Spania	Formuesskatt etter ein progressiv skala som varierer frå 0% til 2,5%. Fritekne for formuesskatt er i hovudsak verdi av eigen bustad opptil € 300 000 og nettoformue totalt opptil € 700 000.	Andre unntak er forretningsaktiva, inkludert aksjar i verksemd, gitt at bestemte vilkår vert stetta. For å verte fritekne må forretningseigedelane vere plasserte i den verksemda som utgjer skattebetalaren sin hovudaktivitet og primære inntektskjelde.	Formuesskatt avvikla i 2008. Ny formuesskatt på mellombels basis innført i 2011
Sveits	Ingen nasjonal formuesskatt. På kanton- og kommunalt nivå skatt på verdsomspennande nettoformue - inkludert finansielle aktiva, men med unntak for fast eigedom og permanent etablering i utlandet. I 2013 varierte satsane frå om lag 0,1% til 1% av nettoformuen.		Permanent

Av dei 34 medlemslanda i OECD er det såleis i dag berre Noreg, Frankrike og Sveits som har permanent formuesskatt. I tillegg har Nederland og det som ein må klassifisere som

permanent formuesskatt, medan Luxembourg har skatt på bedrifter, men ikkje enkeltpersonar. Italia har ein spesifikk formuesskatt i form av ei dokumentavgift på bankkonti og finansielle aktiva. Island hadde ein mellombels formuesskatt i fire år. I Spania vart ein mellombels formuesskatt innført i 2011. Berre tida vil vise kor lenge den vil vare. Til saman har såleis sju land ei form for formuesskatt, anten på permanent eller mellombels basis. Ein noterer seg og at det er lemping av skatten for familiebedrifter i Frankrike og Spania og at investert kapital i eiga bedrift ikkje vert rekna med i grunnlaget for skattlegging av formue i Nederland.

Ingen av dei største økonomiane i OECD, dvs. USA, Japan, Tyskland og Storbritannia har formuesskatt. I det heile kan ein seie at formuesskatt er unntaket heller enn regelen.

### Generelt om formuesskatt i ikkje-børsnoterte selskap

Formueverdien i ikkje-børsnoterte selskap vert fastsett av Skatteetaten på grunnlag av oppgåva til selskapet. Som selskapet sin skattemessige formuesverdi vert rekna samla nettoformue 1. januar året før likningsåret. Skattelovgjevinga sine reglar om fastsetting av brutto formue og gjeld vert lagt til grunn, med dei unntak og særreglar som måtte gjelde.

Prinsipp for fastsetting av formuesverdi i ikkje børsnoterte aksjeselskap er generelt definert i Liknings ABC 2013/14 s. 7 pkt 4.1: "Ligningsmyndighetene skal i forbindelse med ligningen av ikke-børsnoterte aksjeselskap hjemmehørende i Norge, fastsette formuesverdien av aksjene ved inntektsårets utgang. Denne verdien skal som hovedregel brukes ved formuesligningen av aksjonærene det påfølgende inntektsåret, jf. sktl. § 4-12 annet ledd. Dette gjelder også aksjer i selskaper som er fritatt for skatteplikt etter sktl. § 2-32. Aksjeselskapet har plikt til å opplyse om aksjenes formuesverdi, jf. lignl. § 5-7 nr. 1 bokstav c. Framgangsmåten ved beregning av skattemessig formuesverdi for aksjer i norsk ikke-børsnotert aksjeselskap er regulert i FSFIN (Finansdepartementets forskrift 19. november 1999 nr. 1158 til utfylling og gjennomføring av skatteloven) § 4-12.

Selskapets skattemessige formuesverdi til fordeling på aksjene er den samlede nettoformuen. Ved fastsettingen av selskapsformuen tas med alle selskapets eiendeler som ikke er spesielt unntatt i forskrifta. Skattelovens regler om verdsetting av eiendeler og gjeld legges til grunn med visse unntak. Selskapets utenlandske formue medregnes."

Formuesverdien til aksjer i ikkje børsnoterte selskap kvilar altså på selskapet si nettoformue. Fastsetjing av selskapet sin nettoformue kvilar igjen på kva aktiva som ligg i selskapet og kva skattemessig verdsettingsregel som gjeld for det aktuelle aktiva. Til dømes skal næringsseigedom frå og med inntektsåret 2015 verdsetjast til "...70 prosent av eigedommen sin pårekna utleigeverdi", jf. skatteloven § 4-10 (4) siste punktum.

### Formuesskatt i klippfisknæringa

Her vil me sjå på konsekvensane av formuesskatt for aktørane i klippfisknæringa. Praktisk talt alle bedriftene i denne næringa er ikkje-børsnoterte aksjeselskap (Bjørndal, Ekerhovd og Bjørndal, 2014). Dermed er det tale om likningsverdi for aksjar i slike selskap.

Konsekvensane av formuesskatt vil her verte vurdert ved å ta føre seg ein tenkt bedriftseigar i eit ikkje-børsnotert aksjeselskap. Utgangspunktet er ei middels stor bedrift, som er typisk for denne næringa, og at bedrifta er eigd av ein enkelt person. Lat oss gå ut frå aksjane i bedrifta representerer ei formue på 100 mill. kr., og at eigaren er enkel skattytar. Då

vert formuesskatten kr. 839.800. På kort sikt kan skatteytar nytte likvide aktiva til å betale denne skatten, dersom dei er tilgjengeleg. Dersom det ikkje er tilfellet, og i alle fall på noko lenger sikt, er skattytar avhengig av ekstra inntekt for å betale denne skatten. Det er to alternativ for dette. Det eine er at skatteytar tek ut meir i løn. Det andre er ved større utbetaling av utbyte. Lat oss vurdere begge desse alternativ<sup>57</sup>. Følgjande føresetnader vil verte lagt til grunn:

Maksimal marginalskatt:	47,2 %
Bedriftsskatt / skatt kapitalinntekter:	27%
Arbeidsgjevaravgift	14,1%.

Arbeidsgjevaravgifta varierer med kommune. Som vist i Bjørndal, Ekerhovd og Bjørndal (2014) er dei fleste føretak i denne næringa lokalisert i kommunar med maksimal arbeidsgjevaravgift på 14,1%.

Ein ser her bort frå skjermingsfrådraget. Skjermingsfrådraget er for tida svært lavt ettersom rentenivået er lavt og såleis har liten innverknad. Ved høgare rente vil det vere meir betydeleg. Skjermingsfrådraget kan også framførast, så dersom ein vel å ta ut løn i staden for utbyte vil ein kunne nytte det i seinare år.

#### Ekstra løn

Lat oss gå ut frå at det vert utbetalt ekstra løn for å betale formuesskatten.

#### *For bedriftseigar:*

Naudsynt lønsutbetaling	kr. 1.590.530
Inntektsskatt 47,2%	<u>kr. 750.730</u>
Netto	<u>kr. 839.800</u>

#### *For bedrifta:*

Lønsutbetaling	kr. 1.590.530
14,1% arbeidsgjevaravgift	<u>kr. 224.265</u>
Sum	kr. 1.814.795
Spart skatt 27%	<u>kr. 489.995</u>
Netto kostnad for bedrifta	<u>kr. 1.324.800</u>

#### *Samla skattebetaling:*

Formuesskatt	kr. 839.800
Inntektsskatt	kr. 750.730
Arbeidsgjevaravgift	kr. 224.265
Spart skatt for bedrifta	- <u>kr. 489.995</u>
Sum	<u>kr. 1.324.800</u>

I utrekningane har ein rekna med maksimal marginalskatt på inntekt som synest naturleg i eit tilfelle som dette. Ein observerer følgjande konsekvensar:

<sup>57</sup> I verste fall må bedriftseigar selje aktiva for å betale formuesskatten. Dersom slikt sal medfører vinst, kan det føre til ekstra skatt.

1. Den "reelle" formuesskatten vert vel 1,3% heller enn 0,85%. Dette grunna inntektsskatt for lønsmottakar, medan bedrifta betalar arbeidsgjevaravgift, om enn sparer litt i skatt.
2. Bedrifta vert tappa for brutto knapt 1,6 mill. kr. som medfører ein reduksjon i soliditet.

### Ekstra utbytte

Reglane for betaling av utbytte er regulert i Aksjeloven kapittel 8, medan reglane om skattlegging av utbytte går fram av Skatteloven § 10-10 fylgjande. Sjølv om ei bedrift går med tap eit år kan det vere mogeleg å ta ut utbytte, og motsett så kan det vere år der bedrifta går med overskott, men det er ikkje mogeleg å ta ut utbytte. Underskott kan framførast til seinare år for å få fråtrekk i overskott. Her vil me gå ut frå at bedrifta er i posisjon til å dele ut utbytte.

#### *For bedriftslegar:*

Naudsynt utbytte	kr. 1.150.411
27% skatt på kapitalinntekt	<u>kr. 310.611</u>
Netto	<u>kr. 839.800</u>

#### *For bedrifta:*

Overskott	kr. 1.575.905
27% bedriftsskatt	<u>kr. 425.494</u>
Til utbytte	<u>kr. 1.150.411</u>

#### *Samla skattebetaling:*

Formuesskatt	kr. 839.800
Inntektsskatt	kr. 425.494
Utbytteskatt	- <u>kr. 310.611</u>
Sum	<u>kr. 1.575.905</u>

Konsekvensane er som følgjer:

1. Den "reelle" formuesskatten vert knapt 1,6% heller enn 0,85% (som nemnt ser ein her bort frå skjermingsfrådrag)<sup>58</sup>.
2. Det vert teke ut brutto kr. 1.575.905 frå bedrifta. Effektiv skatt på dette uttaket er knapt 47%.
3. Ved utbytte vert ein skatta to gonger, fyrst for bedrifta og så for aksjonær.
4. Bedrifta vert tappa for knapt 1,6 mill. kr. som medfører ein reduksjon i soliditet.

### Drøfting

Denne analysen er utført for ein person med 100 mill.kr. i formue. Resultata kan utan vidare skaleras opp, for høgare formuer. Dette fordi botnfrådraget er så lite at det knapt til påverke

<sup>58</sup> Det kan argumenterast for at denne skatten må betalast uansett om ein tek utbytte eller ikkje. Likevel er skatten med her for å synleggjere samla skatt ved utbytte og slik at dette alternativet kan samanliknast direkte med eksta løn.

resultat. Resultata kan dessutan skalerast ned ein god del ettersom det berre er ved mindre formuer at botnfrådraget vil ha særleg innverknad på skatten.

Ein del konklusjonar:

1. Den reelle formuesskatten utgjer gjerne 1,3-1,6% av formuen, avhengig av om ein tek ut meir i løn eller ekstra utbytte.
2. Uttaket for bedrifta er rimeleg likt for dei to alternativa.
3. Uansett alternativ, vil bedrifta verte tappa for ressursar som alternativt kunne brukast til nye investeringar eller å styrke soliditeten.
4. Samla skattebetaling er monaleg større ved utbytte enn ved ekstra løn. Av den grunn vil truleg ekstra løn vere å føretrekke.

Når det gjeld siste punkt, skal det og peikast på at i tillegg gjev løn på inntil 7,1 x G full pensjonsopptening og gjev også rettar i folketrygda, noko utbytte ikkje gjer. Samla sett kan resultatet ved ein kombinasjon av løn og utbytte verte gunstigare, utan at dette vert vurder nærmare her.<sup>59</sup>

Eigarane av ei bedrift vil ha insentiv til å redusere skattebyrden. Dette gjeld og for formuesskatt. Ein kan redusere formuesskatten ved ekstra konsum eller ved å investere i aktiva som har lågare likningsverdi. Ved finansielle aktiva er det gjerne og enklare på heilt lovleg vis å redusere likningsverdien på formuen.

Samfunnsøkonomisk sett er dette uheldig ettersom ein får vriding i investeringane frå bedriftsaktiva til andre typer aktiva. Dette fører til mindre aktivitet inkludert sysselsetjing i bedriftene. Slik sett er formuesskatten næringslivsfiendleg.

### 3 HANDEL OG MARKNADAR

#### Toll og kvotar

Toll for eksport av torsk frå ulike land til EU og tollfrie kvotar er gjevne i tabell 3. Tollsatane for dei mest fremja landa ("Most Favoured Nations") gjeld for alle medlemsland i WTO og skal sikre ikkje-diskriminering. GATT kvotane gjeld for alle medlemsland i WTO. "Kompensasjonskvota" for frosen torskefilet gjeld berre for eksport frå Noreg.

Tabell 3. Toll og kvotar for eksport av torsk til EU.

	Toll ved eksport til EU					Kvota (tonn)
	MFN	Canada <sup>a)</sup>	Island	Russland	Noreg	
<b>Frosen torsk</b>	12 %	12 %	0	8,5 %	0	Autonom 70.000 tonn
<b>Frosen torskefilet</b>	7,5 %	7,5 %	0	7,5 %	0,9 %	Kompensasjonskvota 9.000 tonn. Autonom 30.000 tonn
<b>Salta torsk</b>	13 %	13 %	0	13 %	0	GATT 25.000 tonn.

<sup>59</sup> Sjå t.d. artikkel frå 2014 om skattlegging av løn vs. utbytte: <http://newsroom.nordea.com/no/2014/02/25/juristen-lonn-eller-utbytte-fra-eget-as/>



						Autonom 2,600 tonn
<b>Salta torskefilet</b>	20 %	20 %	0	20 %	0	
<b>Salta filet av <i>Gadus macrocephalus</i></b>	16 %	16 %	0	16 %	0 <sup>b)</sup>	
<b>Klippfisk</b>	13 %	13 %	3.9 %	13 %	3.9 %	GATT 25,000 tonn Preferanse- kvote 13,250 tonn

- a) Canada og EU har forhandla fram ein handelsavtale som skal ratifiserast av dei to partane, sjå nedanfor.
- b) I realiteten kan ein ikkje oppnå denne satsen. Dette fordi salta filet av Stillehavstorsk ikkje vil stette krava om opphav.
- MFN = most favoured nation.

For Noreg er det ingen toll ved eksport av frosen, salta og salta filet av torsk, medan det er 0,9% toll på frosne torskefiletar når samla eksport overstig den tollfrie kvota. Det er to måtar for norske eksportørar å oppnå tollfri eksport. Den eine er gjennom "kompensasjonskvota", som gjeld berre for Noreg. Den andre er gjennom den autonome kvota, men når det gjeld frosen filet av *Gadus morhua* eller *macrocephalus*, må leveringa vere for foredling i EU av ein importør som har "sluttbrukarlisens".

For klippfisk av torsk, er tollsatsen 3,9% når kvantum overstig dei tollfrie kvotene på 25.000 tonn (GATT) og 13.250 tonn («preferansekvote» til EU). GATT kvota det er tale om gjeld for torsk av artane *Gadus morhua*, *Gadus ogac* og *Boreogadus saida*. Preferansekvota er ei årleg tildelt tollfri importkvote for klippfisk til EU på 13.250 tonn som gjeld frå 1. april til 31. desember. I 2015 vart GATT-kvota brukt opp tidleg i september, medan tilgjengeleg tollfri preferansekvote var på om lag 11.000 tonn per 08.09.2015.

Dette inneber at på marginen er tollsatsen 3,9%. Ein noterer seg at tollsatsen er høgare på foredla produkt (klippfisk) enn på uforedla eller mindre foredla produkt. Dette er som ledd i EU sin policy for å verne om og styrke eigen foredlingsindustri. Island står overfor same tollsatsar som Noreg, med unntak for frosen torskefilet som er tollfri. Russland står overfor monaleg høgare tollsatsar enn Noreg og Island. For klippfisk er eksportavgifta 0,75%.

Toll på klippfisk forklarar kvifor Sverige i handelsstatistikken er ein stor eksportør av dette produktet til Portugal. Så lenge den tollfrie kvota ikkje er nådd, har eksportør insentiv til å overføre klippfisk til tollager i Sverige for seinare re-eksport til Portugal.

Canada møter same tollsatsar som Russland, med unntak for høgare toll på frosen torsk. Ifylgje ein avtale kalla CETA, vil kanadiske produkt frå 2015 få fortrinnsrett ("preferential access") for tilgjenge til EU. Denne avtalen vil kome den kanadiske klippfiskindustrien til gode.<sup>60</sup>

Før denne avtalen har kanadiske sjømatprodukt har stått overfor tollsatsar på opptil 25% ved eksport til EU. Når CETA vert implementert, vil nesten 96% av EU sine varelinjer

<sup>60</sup> [http://www.geraldkeddy.ca/media/CETA%20Backgrounder\\_Nova%20Scotia.pdf](http://www.geraldkeddy.ca/media/CETA%20Backgrounder_Nova%20Scotia.pdf)

for fisk og sjømatprodukt vere tollfrie. Etter sju år vil alle fisk- og sjømatprodukt vere tollfrie. Denne avtalen vil styrke konkurranseevna til kanadiske produkt.

Fiske- og sjømateksport frå Nova Scotia til EU hadde en verdi på CAD 142,6 millionar årleg mellom 2010 og 2012, og utgjer størstedelen av Nova Scotia sin eksport til EU.

### **Effektiv toll**

Som vist i tabell 3, er tollsatsane ved eksport til EU aukande i bearbeidingsgrad. Medan tollsatsen for eksport av frosen torsk frå Noreg er null, er tollsatsen for eksport av klippfisk til Portugal 3,9% på marginen. Det som ligg bak dette frå EU si side er eit ynskje om å verne om og stimulere sin bearbeidingsindustri. For norske klippfiskprodusentar utgjer råstoff brorparten av produksjonskosnadene. Det er det faktum at ein foredlar råstoffet som gjev opphav til toll, og denne tollan betalar ein naturlegvis ikkje berre på foredlingsverdien, men og på råvarekostnaden.

Når ein ser på dette frå EU, eller spesifikt Portugal si side, er det tale om å verne om den bearbeiding som skjer i landet. Dette har gjeve opphav til omgrepet effektiv toll, omtala i Södersten (1978). Lat oss sjå på dette med utgangspunkt i foredling av norsk torsk til klippfisk i Portugal. Omrekningsfaktor frå sløgd hovudkappa torsk til klippfisk er sett til 1,85, pris per kg frosen sløgd hovudkappa torsk er kr 23,00 per kg, medan importprisen i Portugal er kr 55,04 per kg (tal frå juni 2015). For foredling i Portugal utgjer råvarekostnadene omlag 77% av totalkostnadene.

Tollen skal verne om den verdiskapinga som skjer i Portugal, representert ved avkasting til arbeidskraft og kapital. Med dei føresetnader som er gjort her vert den effektive tollan for portugisisk bearbeidingsindustri knapt 24%. Dette bør ein sjå på som ein indikasjon på den effektive tollan og representerer ein viktig konkurransefordel for portugisisk industri vis-a-vis den norske.

Effektiv toll er eit tema for vidare analyse.

## **4 ANALYSE AV EFFEKTA PÅ KONKURRANSEEVNA**

### **Portugal**

Fiskeforedlingsindustrien i Portugal har dei seinare åra hatt ein årleg omsetnad i gjennomsnitt på noko under € 1.100 millionar (tabell 4). Kvantum har auka frå 149.000 tonn i 2008 til 212.000 tonn i 2012. Når det gjeld klippfisk, har produksjonen auka frå 45.000 tonn i 2008 til 61.400 tonn i 2012 til ein verdi av € 259 millionar.

**Tabell 4. Fiskeforedling i Portugal 2008-12.**

Fiskeforedling totalt					
	2008	2009	2010	2011	2012
Omsetnad (million €)	1 091	1 015	1 089	1 132	1 078
Kvantum (tusen tonn)	149	203	-	207	212
Salta og tørka					
Produksjonskvantum	45	53	58	59	61,4

(tusen tonn)					
Salskvantum (tusen tonn)	36	38,9	-	44	47,4
Verdi (million €)	254	214	-	256	259

I 2012 besto fiskeforedlingsindustrien i Portugal av 180 verksemder. Størsteparten av disse er små bedrifter – halvparten (91 verksemder) har opptil 10 tilsette. Talet bedrifter med fleire enn 250 tilsette er berre fire (tabell 5).

Talet på bedrifter er redusert frå 213 i 2008 til 180 i 2012. Reduksjonen har funne stad for bedrifter med 50 og mindre tilsette. Talet på bedrifter med 50-250 tilsette har vore rimeleg stabilt, medan talet på bedrifter med over tilsette har auka frå to til fire. Til saman sysselsette verksemdene 6 823 personar i 2012, Kvinnelege tilsette utgjorde om lag to tredjedelar av arbeidsstyrka.

Dei fleste bedriftene er lokalisert nord (62 i 2011) og midt i landet (69 i 2011). Produksjonen av klippfisk er for det meste konsentrert nær hamnebyen Aveiro (Ílhavo). Sluttproduktet er berekna på den nasjonale marknaden, men det vert og eksportert til marknader som Brasil.

**Tabell 5 Oversikt over portugisisk fiskeforedlingsindustri.**

	2008	2009	2010	2011	2012	Δ 2011-12	Δ 2008-12
<b>STRUKTUR</b>							
Verksemder	213	202	194	185	180	-3 %	-15 %
≤ 10 tilsette	111	99	91	82	91	11 %	-18 %
11-49 tilsette	57	62	59	58	46	-21 %	-19 %
50-249 tilsette	43	37	41	41	39	-5 %	-9 %
≥ 250 tilsette	2	4	3	4	4	0 %	100 %
<b>SYSSELSETTING</b>							
Tilsette	6 664	6 815	7 277	7 314	6 823	-7 %	2 %
Kvinner	4 287	4 384	4 681	4 889	4 660	-5 %	9 %
Menn	2 377	2 431	2 596	2 425	2 163	-11 %	-9 %
FULLTID (FTE)	6 561	6 738	6 916	6 913	6 308	-9 %	-4 %
FTE kvinner	4 221	4 334	4 449	4 622	4 275	-8 %	1 %
FTE men	2 340	2 404	2 467	2 291	2 033	-11 %	-13 %
<b>INDIKATORAR</b>							
FTE per verksemd	30,8	33,4	35,7	37,4	35,0	-6 %	14 %
Snittløn (tusen EUR)	10,9	11,1	11,6	12,1	12,0	0 %	11 %
Arb.kraftsproduktivitet (tusen EUR)	76,1	66,6	74,2	73,6	66,8	-9 %	-12 %
Ubetalt arbeid (%)	1,3	1,1	4,7	5,4	6,6	22 %	426

Den portugisiske foredlingsindustrien er svært avhengig av import av fisk. Denne avhengigheita vil og halde fram i framtida, hovudsakeleg grunna mangel på fiskekvotar.

Portugal har over tid vore ein viktig eksportør av klippfisk. Eksporten til Brasil har auka frå omlag 2.500 tonn i 2004 til omlag 11.000 tonn i 2013, noko som svarar til ein auke i marknadsdel frå under 10% til omlag 22% i ei periode då totalmarknaden har vore i vekst.

### Baltikum og Polen

Fiskeforedling har vist stor vekst i Baltikum og Polen dei to siste ti-åra. Sjølv om råstoffet vert importert, har ein føremonar gjennom EU støtte til investeringar og rimeleg arbeidskraft. I 2012 utgjorde omsetnaden til fiskeforedlingsindustrien i Estland € 143,2 millionar, i Latvia € 226,7 millionar og i Litauen € 290,8 millionar<sup>61</sup>. Polen var nesten tre gonger så stor som dei tre baltiske landa til saman med ein omsetnad på € 1,93 milliardar i 2012. For alle landa har det stor auke i omsetnaden over tid, og eksport er viktig

### Kina

Kina hadde i 2012 ein marknadsdel for saltfisk i Portugal på 10,60% i 2013, opp frå 1,54% i 2005 (verdi) (kjelde: Eurostat). Kina sin marknadsdel for klippfisk i Brasil har vore sterkt aukande i seinare år.

### Oppsummering

Noreg sin gode og berekraftige tilgang på fisk av ulike artar og hausta med ulike fangstmetodar har kanskje vore det viktigaste konkurransefortrinnet til norsk klippfiskindustri. Det er mogleg dette er i ferd med å endre seg, sidan denne geografiske fordelten i seg sjølv kanskje i mindre grad enn tidlegare representerer det berekraftige konkurransefortrinnet for industrien.

Denne studien har vist at Portugal har fordelar vis-a-vis Noreg på andre område der det er naudsynt å oppnå berekraftig konkurranseevne. Eit døme er eksport, der Portugal har finansielle instrument for industrien som kan medvirke til å utvikle nye marknader og segment med konkurransedyktige vilkår og reduserer dermed risikoen for tap betydeleg. På same måte er investeringsstøtte og støtte til FoU betre i Portugal enn i Noreg.

Når det gjelder arbeidskostnader, så er desse lågare i Portugal enn i Norge sjølv om effektiviteten nok er større i Noreg. Klippfiskproduksjon er framleis ein arbeidsintensiv industri. Sjølv om trenden er aukande automatisering av delar av produksjonen, så trengst det framleis manuell arbeidskraft til foredling av råmaterialet.

Eit viktig moment er og at den norske klippfisknæringa er underlagt fleire særnorske skattar og avgifter. Det gjeld lagsavgift for omsetnad av fisk på førstehand, forskings- og eksportavgift. Formuesskatten er og av eit monaleg omfang for mange bedriftseigarar. Vidare er det toll på eksport til EU når kvantumen går over ei viss grense. Sjølv om tollsatsen på

---

<sup>61</sup> Kjelde [http://stecf.jrc.ec.europa.eu/documents/43805/861045/2014-12\\_STECF+14-21+-+EU+Fish+Processing+Industry\\_JRC93340.pdf](http://stecf.jrc.ec.europa.eu/documents/43805/861045/2014-12_STECF+14-21+-+EU+Fish+Processing+Industry_JRC93340.pdf)

margien er 3,9 %, er den effektive tollene – som vernar om foredling t.d. i Portugal – mykje større. Tilsaman utgjer desse skattane og avgiftene ei stor byrde for næringa. Meir enn det – dette er i hovudsak særnorske skattar og avgifter som ikkje påkjem produsentar i andre land og såleis virkar negativt inn på norsk konkurransevne.

## VEDLEGG. OM FORMUESSKATT I ULIKE LAND

I dette vedlegget vert det gjev litt meir informasjon om formuesskatten i aktuelle OECD-land.

I Frankrike er det formuesskatt for skattebetalararar med nettoformue større eller lik € 1,3 millionar. Utlendingar betalar skatt berre for eigendelar i Frankrike og er under bestemte føresetnader fritekne frå skatt på finansielle investeringar. For franske innbyggjarar gjeld skatten verdsomspennande aktiva – inkludert eigedom og finansielle aktiva, men med unntak for forretningsseigedelar. Den franske formuesskatten er progressiv med fem satsar – der lågaste sats er 0,5% på formuar mellom € 800.000 til € 1,3 million og høgaste sats er 1,5% på formuar over € 10 millionar<sup>62</sup>. Skattepliktige kan få redusert beløpet av formuesskatt slik at det totale omfanget av skattar ikkje overstig 75% av inntekta<sup>63</sup>

For å sikre kontinuitet i forretningsverksemd kan det gjevast fritak for aktiva plassert i føretak. Driftsmiddel i familiebedrifter der skattebetalaren eig minst 25% av kapitalen eller stemmerettane, og der selskapet står for skattebetalarens hovudinntekt er eit slikt fritak. Aksjar i ei bedrift som står for skattebetalaren sin hovudaktivitet, og som som er eigd i minst seks år kan gjevast 75% skattefritak. Det same gjeld for eigar av eit selskapet som eig aksjane i minst seks år<sup>64</sup>.

I Island var det frå 2010 til 2014 var ein formuesskatt på personlege eigendelar, inkludert finansielle aktiva, driftsmiddel og fast eigedom. Skatten vart innført som eit mellombels tiltak etter finanskrisa, og krevjast inn for eigendelar som er eller var skattepliktige ved utgangen av 2011, 2012 og 2013. Skatten vert ilikna individ med ein nettoformue større eller lik ISK 75 000 000, og for ektepar med nettoformue større eller lik 100 000 000 ISK. For individ er satsen 1,5% på formuar mellom ISK 75 000 000 til 150 000 000, og 2% på formuar større enn ISK 150 000 000. For ektepar er satsen 1,5% mellom ISK 100 000 000 til 200 000 000, og 2% over ISK 200 000 000<sup>65</sup>.

Italia skatlegg formue gjennom ei dokumentavgift på bankkontoar og finansielle aktiva. Finansielle aktiva i Italia vert skattlagde med ein fast sats på 0,2% og bankkontoar ved ein fast sats på € 34,20 per bankkonto<sup>66</sup>. Desse slår inn når det gjennomsnittlege sparebeløpet er større enn € 5 000, med omsyn til alle kontoar som er eigd av skattebetalaren. Frå 2012 er det og introdusert ein formuesskatt på 0,2% på finansielle aktiva i utlandet som er eigd av italienske skattebetalarar.

<sup>62</sup> Worldwide Personal Tax Guide 2014-2015. EY 2014. [http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Worldwide\\_Personal\\_Tax\\_Guide\\_2014-15/\\$FILE/Worldwide%20Personal%20Tax%20Guide%202014-15.pdf](http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Worldwide_Personal_Tax_Guide_2014-15/$FILE/Worldwide%20Personal%20Tax%20Guide%202014-15.pdf)

<sup>63</sup> Worldwide Estate and Inheritance Tax Guide 2014. EY 2014. [http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Worldwide-Estate-and-Inheritance-Tax-Guide-2014/\\$FILE/Worldwide-Estate-and-Inheritance-Tax-Guide-2014.pdf](http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Worldwide-Estate-and-Inheritance-Tax-Guide-2014/$FILE/Worldwide-Estate-and-Inheritance-Tax-Guide-2014.pdf)

<sup>64</sup> Worldwide Family Business Tax Guide 2013-2014. EY 2013. [http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Worldwide-Family-Business-Tax-Guide-2013-2014/\\$FILE/Worldwide\\_Family\\_Business\\_Tax\\_Guide\\_2013-2014.pdf](http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Worldwide-Family-Business-Tax-Guide-2013-2014/$FILE/Worldwide_Family_Business_Tax_Guide_2013-2014.pdf)

<sup>65</sup> pwc Tax Brochure 2014. Pwc 2014.

[https://www.pwc.is/is/assets/document/pwc\\_tax\\_brochure2014.pdf](https://www.pwc.is/is/assets/document/pwc_tax_brochure2014.pdf) (accessed Mars 20, 2015).

<sup>66</sup> European Commission, Taxation trends in the European Union. [http://ec.europa.eu/taxation\\_customs/resources/documents/taxation/gen\\_info/economic\\_analysis/tax\\_structures/country\\_tables/is.pdf](http://ec.europa.eu/taxation_customs/resources/documents/taxation/gen_info/economic_analysis/tax_structures/country_tables/is.pdf) (accessed Mars 22., 2015).

Luxembourg har ingen formuesskatt for privatpersonar, men bedrifter vert ilikna formuesskatt på verdsomspennande nettoformue. Skattesatsen er 0,5%<sup>66</sup>.

Nederland har ikkje formuesskatt, men ei liknande skattlegging er bakt inn i inntektsskatten<sup>67</sup>. Skattlegginga er basert på ein føresetnad om 4% avkastning på kapital, som vert skattlagt ved ein fast sats på 30%. I praksis svarar dette til ein formuesskatt på 1,2%<sup>66</sup>. Berre kapital som er tilgjengeleg for sparing og investering blir rekna med i grunnlaget. Fritekne er eigen bustad, investert kapital i eiga verksemd, eller direkte og indirekte eigarskap til meir enn 5% av utstedt kapital i eit selskap<sup>68</sup>.

Formuesskatten i Spania vart avvikla i 2008. Seinare har ein formuesskatt vorte tilbakeført på mellombels basis for åra 2011 og 2012, og vidareført til 2013 og 2014<sup>66</sup>. Generelt blir formuesskatten utrekna etter ein progressiv skala som varierer frå 0% til 2,5%<sup>69</sup>. Skatten vert innkravd av dei 17 autonome regionane, og både fritaksgrenser og satsar kan variere mellom regionar. Fritekne for formuesskatt er i hovudsak verdi av eigen bustad opptil € 300 000 og nettoformue totalt opptil € 700 000.

Andre unntak er forretningsaktiva, inkludert aksjar i verksemdar, gitt at bestemte vilkår vert stetta. For å verte fritekne må forretningsseigedelane vere plasserte i den verksemda som utgjer skattebetalaren sin hovudaktivitet og primære inntektskjelde. For å få fritak for aksjar må det gjelde at (i) selskapet er i aktiv drift. (ii) skattebetalaren eig minst 5% av aksjekapitalen (eller minst 20% inkludert aksjar tilhøyrande andre familiemedlemmar), (iii) skattebetalaren utøver leiarskap i verksemda og (iv) inntekta frå desse aktivitetane utgjer over 50% av skattebetalarens totale inntekt.

I Sveits er det ingen formuesskatt på nasjonalt nivå. På kanton- og kommunalt nivå vert det derimot kravd inn skatt på verdsomspennande nettoformue - inkludert finansielle aktiva, men med unntak for fast eigedom og permanent etablering i utlandet (EY 2014). Skattesatsane i Sveits er rimeleg låge og varierar betydeleg, avhengig av kva for kanton og kommune skattebetalaren høyrer til. I 2013 varierte satsane frå om lag 0,1% til 1% av nettoformuen.

Av dei 34 medlemslanda i OECD er det såleis berre Noreg, Frankrike og Sveits som har permanent formuesskatt. I tillegg har Nederland og det som ein må klassifisere som permanent formuesskatt, medan Luxembourg har skatt på bedrifter, men ikkje enkeltpersonar. Italia har ein spesifikk formuesskatt som iliknast gjennom ei dokumentavgift på bankkontoar og finansielle aktiva. Island og Spania har i seinare tid innført formuesskatt. I begge landa er det meininga at den skal vere mellombels, men berre tida vil vise om det er tilfellet. Til saman har såleis åtte land ei form for formuesskatt, anten på permanent eller

---

<sup>67</sup> T.d. KPMG. 2014.

<http://www.kpmg.com/Global/en/IssuesAndInsights/ArticlesPublications/taxation-international-executives/netherlands/pages/other-taxes-levies.aspx#2> (accessed Mars 22, 2015)

<sup>68</sup> expatax.nl. <http://www.expatax.nl/box-2.php> (accessed Mars 22, 2015).

<sup>69</sup> EY. Worldwide Estate and Inheritance Tax Guide 2014. [http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Worldwide-Estate-and-Inheritance-Tax-Guide-2014/\\$FILE/Worldwide-Estate-and-Inheritance-Tax-Guide-2014.pdf](http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Worldwide-Estate-and-Inheritance-Tax-Guide-2014/$FILE/Worldwide-Estate-and-Inheritance-Tax-Guide-2014.pdf).

mellombels basis. Ein noterer seg og at det er lemping av skatten for familiebedrifter i Frankrike og Spania.

Ingen av dei største økonomiane i OECD, dvs. USA, Japan, Tyskland og Storbritannia har formuesskatt. I det heile kan ein seie at formuesskatt er unntaket heller enn regelen.

Både årleg formuesskatt og sporadiske kapitalavgifter er relativt uvanlege både i industrialiserte land og i utviklingsland.



## REFERANSAR

- Asche, F. og Gordon, D.V. (2015)/. Demand Characteristics for Imported Cod Products in Portugal: Frozen, Salted & Dried and Salted. SNF, Bergen, Working Paper.
- Bjørndal, T. and Lindroos, M. (2012). Cooperative and non-cooperative management of the Northeast Atlantic cod fishery. *Journal of Bioeconomics* 14(1), 41-60.
- Bjørndal, T., Ekerhovd, N.V. and Bjørndal, M.T. (2014). Verdiskaping i klippfisknæringa 2009-11. Bergen, SNF Arbeidsnotat 18-2014.
- Bjørndal, T., Brasao, A., Ramos, J. og Tusvik, A. (2015). The Portuguese Fish Processing Industry. I arbeid.
- Bjørndal, T., Ekerhovd, N.V. and Bjørndal, M.T. (2015). Verdiskaping i klippfisknæringa 2009-13. Ålesund, Høgskulen i Ålesund 1-2015.
- Asche, F., Bjørndal, T., Bjørndal, M.T. and Ekerhovd, N.V. (2015). Fisheries Management in Norway. Unpublished mimeograph.
- Clarke, S (2009). Understanding China's Fish Trade and Traceability. TRAFFIC East Asia.
- Gullestad, P., Aglen, A., Bjordal, Å., Blom, G., Johansen, S., Krog, J., Misund, O.A. and Røttingen, I. (2014). Changing attitudes 1970–2012: evolution of the Norwegian management framework to prevent overfishing and to secure long-term sustainability. *ICES Journal of Marine Science* 71: 173-182.
- NOU 2014: 16. Sjømatindustrien. Utredning av sjømatindustriens rammevilkår.
- Solberg, C.A. (2015). Internasjonal Markedsføring. Oslo. Universitetsforlaget.
- Södersten, B. (1978). Internasjonell økonomi. Stockholm. Rabén & Sjögren. Andra omarbetade uppl.